Nynorsk kultursentrum

Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012

Ottar Grepstad

© 2012 Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum

Publisert digitalt 8. mai 2012 på www.aasentunet.no

Framsidefoto
Gruppe MIM – Merete Hol Tefre, Inghild Sleire og Marit Thingnæs: «Resonans», utstilling ved Sunnfjord Museum i 2008 (foto Svein-Magne Tunli)

Enkeltopplysningane kan brukast fritt når kjelde blir oppgitt. Kommersiell bruk av opplysningane i produktutvikling eller på anna vis berre etter avtale

Alle merknader, eventuelle rettingar og opplysningar er velkomne til
Ivar Aasen-tunet, N-6160 Hovdebygda, admin@aasentunet.no

ISBN 978-82-92602-09-6

Innhald

Forord og forklaringar 3

Språkportrett av eit fylke 4

Sogn og Fjordane i nynorsk kulturhistorie: nokre hendingar 21

Nøkkeltal
1 Nynorsk språkbarometer 2011
2 Regionale trekk ved nynorsk skriftkultur 1910–2010

Grunnskule
3 Elevar i grunnskulen etter målform og årssteg 1992–2012
4 Bokmåls- og nynorskelevar i grunnskulen etter kommune 2001–2012
5 Elevar i grunnskulen etter målform og kommune 1993–2012
6 Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1910–1947
7 Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1952–1987
8 Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1993–2012
9 Prosent nynorskelevar i folkeskulen etter fylke 1910–1959
10 Prosent nynorskelevar i grunnskulen etter fylke 1960–2012
11 Målform i folkeskulekrinsar etter fylke 1900–1947
12 Målform i folkeskulekrinsar etter fylke 1952–1995
13 Kommunar med nynorskelevar 1905–2012
14 Kommunar etter dominerande språk i grunnskulen 1935–2012
15 Elevar i grunnskulen etter målform og kommune 1935–1950
16 Innføring av nynorsk i skulekrinsane etter fylke 1890–1925
17 Grunnskular med meir enn 300 nynorskelevar 2004–05

Vidaregåande skule
18 Nynorskelevar frå grunnskule til vidaregåande skule 1996–2012
19 Elevar i vidaregåande skule etter målform og fylke 2009–2012
20 Elevar ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2009–2012
21 Språkpraksis og språksyn elevar Firda vidaregåande skule 2010
22 Bruk av nynorsk i tre årskull 1985–2004
23 Språkhaldningar hos nynorskelevar 2004
24 Examen artium etter målform 1968–1971

Vernepliktige
25 Vernepliktige etter målform og kommune 2010
26 Vernepliktige etter målform og kommune 2000
27 Målform hos vernepliktige etter fylke 2000–2010
28 Vernepliktige eller målform 1964–2010

Vaksne
29 Privat bruk av nynorsk og bokmål 2000–2005
30 Haldning til å lære både nynorsk og bokmål 2008

31 Folkerøystingar om skulemål etter fylke 1965–2011
32 Medlemer i samyrkjelag etter målform 1977

Offentleg forvaltning

33 Kommunar med nynorsk tenestemål 1922–2012
34 Språkportrett av kommunane 2009
35 Tenestemål og administrasjonsspråk i kommunane 2006
36 Dei første kommunane med nynorsk tenestemål 1921–1927

Kyrkje

37 Målform i Den norske Kyrkja etter prosti og sokn 1996–2012
38 Kyrkjesokn med nynorsk liturgi etter fylke 1928–2012
39 Innføring av Blix-salmar i kyrkjelydane etter fylke 1892–1928
40 Folkerøystingar og vedtak om målform i skule og kyrkje 1892–1954

Bøker, blad og aviser

41 Opplag lokalaviser 1976–2011
42 Opplag aviser etter fylke og målform 2010
43 Opplag nynorskredigerte aviser 1996–2010
44 Dei største nynorskredigerte avisene 2000–2010
45 Største lokal-, region- og riksavis etter kommune 2004
46 Haldning til meir nynorsk i VG og Dagbladet 2006
47 Nynorske blad etter utgivingsår 1891–1938
48 Aviser i Sogn og Fjordane 1874–2012
49 Boktitlar frå Forlaget Skald og Selja Forlag 1993–2011
50 Abonnentar Dag og Tid og Syn og Segn etter fylke 2004–2011

Scenekunst

51 Sogn og Fjordane Teater 1977–2011

Arbeidsplassar og økonomi

52 Redaksjonelle nøkkeltal nynorskaviser 2010
53 Medarbeidarar distriktskontor NRK 1988–2003
54 Målform i annonsar i Firda 1972–2012
55 Målform i annonsar i tre aviser i Sogn 1948–1980

Organisering

56 Medlemer Noregs Ungdomslag 1921–2011
57 Medlemer Noregs Mållag 1954–2011

Forord og forklaringar

Denne dokumentasjonen med 57 tabellar om språk i Sogn og Fjordane er laga på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ønsket var å få fram mest mogleg informasjon om eldre og nyare utvikling i språkbruk i fylket. Noko slikt har ikkje vore gjort før, iallfall ikkje i eit slikt omfang. Fylkeskommunen svarar korkje for opplysningane eller analysane.

Om språk- og kulturhistoria i Sogn og Fjordane ligg to store studiar føre. Den eine er Anders A. Lothes *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane* frå 1950, den andre Terje Eggums avishistorie *På trykk* frå 2009. Begge har vore til stor hjelp i arbeidet med dokumentasjon og analyse.

Gjennom tre omfattande publikasjonar er i alt 652 tabellar og figurar blitt publiserte sidan 1998. Materialet er presentert i dei trykte utgåvene *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, og i e-boka *Språkfakta 2010* på aasentunet.no. Ein del av tabellane i denne samlinga er henta frå dei nemnde publikasjonane og lagde til rette for bruk. Der det har vore mogleg, er dei oppdaterte med siste tilgjengelege informasjon. 18 tabellar blir publiserte for første gong.

Så langt råd er, blir utvikling og situasjon i Sogn og Fjordane jamført med tilsvarande data for heile Vestlandet og for Noreg, i ein del tilfelle også for kvart fylke.

Kapitlet «Sogn og Fjordane i nynorsk kulturhistorie: nokre hendingar» byggjer på Ottar Grepstad: «Eit språk blir til», publisert på www.allkunne.no.

Kjeldene står under kvar tabell, og ein del forkortingar og symbol er brukte:

BM	Dansk-norsk, bokmål
NN	Landsmål, nynorsk
ENG	Engelsk
	Data kan ikkje skaffast
-	Data ligg ikkje føre
Tom celle	Null, eller i enkelte tilfelle: opplysningar er ikkje kjende
▲	Auke
–	Stabil situasjon
▼	Nedgang
Publisert	Første publisering i same redigering
Sist oppdatert	Siste redaksjonelle endring

Kronesummar er i løpande kroner viss ikkje anna er sagt. På www.ssb.no har Statistisk sentralbyrå laga ein prisindekskalkulator som gjer det lett å rekne om til kroneverdien i dag eller på eit anna tidspunkt. Prosenttal står som regel i *kursiv* der det også er absolutte tal i tabellen, men ikkje når prosentteiknet er brukt. Prosenttal har desimalar når talgrunnlaget er stort nok.

Nemningane *nynorsk* og *bokmål* blei innførte i 1929, men blir i denne framstillinga brukt også om tida før der dette ikkje kan skape mistydingar.

Tal er ikkje meir nøyaktige enn ord, og tala åleine gir ofte lite meining utan ord. På den andre sida kan talmateriale utgjere fagleg påliteleg informasjon som gjennom kombinasjon med annan kunnskap gir meir innsikt og sikrare grunnlag for politisk handling enn ein elles ville hatt.

Nynorsk kultursentrum takkar for oppdraget og ønskjer lykke til i arbeidet med å utvikle ein sterk språkpolitikk som kan kome språkbrukarane til gode.

Ivar Aasen-tunet, 5. mai 2012

Ottar Grepstad

Språkportrett av eit fylke

Sogn og Fjordane er det nynorske grunnfjellet og har vore det i snart hundre år. Posisjonen for nynorsk i fylket har hatt mykje å seie for den nasjonale posisjonen for språket. Som eit sterkt fleirtalsspråk får nynorsk større tyngd her enn andre stader. Bruken av nynorsk er prega av stor stabilitet og få endringar i både skule, kyrkje og offentleg forvaltning etter 1930-åra. Mykje av det som er omstridd rundt forbi i Noreg, er sjølvsagt i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er det sterkaste, men ikkje det største nynorskfylket rekna i tal brukarar. Dette er eit like eittspråkleg fylke som Vestfold, berre med motsett forteikn. Innbyggjarane i fylket meiner både at det er viktig å bruke meir nynorsk og at alle nordmenn skal lære begge skriftspråka skriftleg. Først i seinare år har fylket og innbyggjarane også fått innslag av innvandra språk og kulturar, men mindre enn dei fleste andre i landet.

Sogn og Fjordane representerer eit språkleg hegemoni som gjer det tydeleg at mange nordmenn lever i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Dette kan auke respekten for verdien av språklege skilnader og språkleg variasjon i Noreg.

Det kan anast ein tendens til at bruken av nynorsk er mindre stabil i ytre enn indre strøk. Saman med målform for elevar på yrkesførebuande program i den vidaregåande skulen og språkbruksmønster i næringslivet er dette det viktigaste emnet å få meir sikker kunnskap om når ein politikk for nynorsk skal formast. Her gjeld det at ein ikkje tek situasjonen anno 2012 for gitt.

Sogn og Fjordane har ein så særmerkt språkleg posisjon at fylkeskommunen har god grunn til å be om å vere representert og bli teken med på råd i viktige forum der nasjonal og regional politikk blir drøfta som kan få følgjer for språkleg praksis.

Noreg

Noreg har lenge vore eit samfunn med ein språkdelt kultur som no er tungt etablert gjennom skrift, institusjonar og regelverk. Innbyggjarane kjem frå over 200 land og sjølvstendeområde, og berre det siste tiåret har skulane hatt elevar med om lag 200 morsmål.

Både i tale og skrift er dei språklege skilnadene store regionalt, sosialt og aldersmessig. Engelsk pressar mot bokmål særleg i næringsliv, vitskap og underhaldning, og bokmål pressar mot nynorsk på dei fleste samfunnsområda. Der bruken av engelsk aukar, går det meir ut over bokmål enn nynorsk.

Truleg bruker minst 550 000 nordmenn nynorsk privat. Blant desse nynorskbrukarane er fire av ti reelt tospråklege ved at dei bruker nynorsk og bokmål om lag like mykje.

For bruken av nynorsk er situasjonen stabil, men krevjande. Nynorsk blir lite brukt på Internett og endå mindre i akademia, men ikkje mykje mindre enn før. Aviser redigerte på nynorsk eller begge målformer står for ein aukande del av det samla avisopplaget. Færre kommunar enn før har nynorskelevar i grunnskulen, færre elevar i grunnskulen og færre vernepliktige bruker nynorsk. Samstundes går fleire nynorskelevar i språkblanda miljø enn før.

Det bur no 5 millionar menneske i Noreg. Av desse blir om lag 600 000 rekna som innvandrarar, og vi kan altså rekne med at om lag 550 000 av innbyggjarane er nynorskbrukarar. Held folketalsveksten fram blant innvandrarane, og talet på nynorskbrukarar held seg stabilt, vil det seie at Noreg i 2020 har ganske mange fleire innvandrarar enn nynorskbrukarar. Kvar innvandrarane blir buande, får då mykje å seie for den vidare språkpolitiske utviklinga.

Kommunane med nynorsk tenestemål har gjennom auka innvandring dei siste åra også fått større kulturell variasjon. Det meste av folkeauken i desse kommunane dei siste åra har

innvandrarane stått for. Dette kan gjere fleire innvandrarar til nynorskbrukarar.

Det var mellom 1910 og 1930 den nynorske skriftkulturen festna seg i landet. På så kort tid skifta så mange skriftspråk at dette kan kallast den vesle norske kulturrevolusjonen. Språkskifte prega både seinmellomalderen og tida etter reformasjonen, men det var lenge sidan, gjekk ikkje så fort og gjaldt ikkje så mange. Uavhengig av offentleg forvaltning gjorde innbyggjarane fleire stader i landet utover på 1900-talet eit anna språk enn det mest brukte til sitt.

Ved utgangen av 1920-åra var 12 % av avisene redigerte på nynorsk, 12 % av dei skjønnlitterære bøkene, 13 % av selde eksemplar av Bibelen, 20 % av elevane i folkeskulen, 21 % av kyrkjesokna. Heile 43 % av alle kommunane i landet hadde då nynorskelevar i folkeskulen.[1] Det som tok til med ei ordbok og ein grammatikk kring 1850, var åtti år seinare blitt til ein skriftkultur som gradvis gjorde språket til ein del av kvardagen, tok det i bruk på nye område, romma stor kunst og førte med seg arbeidsplassar.

Ideen om det nynorske blei realisert på ulikt vis og har utgjort ei regional kraft:

- Dei første blada og bøkene blei utgitt i Oslo og Hordaland.
- Kyrkjelydar i Telemark var dei første som brukte nynorske salmar i kyrkja.
- Dei første skulekrinsane med nynorsk opplæringsmål kom i Aust-Agder, Hordaland, Møre og Romsdal.
- Kyrkjesokn i Nord-Trøndelag og Hordaland var dei første som innførte nynorsk liturgi.
- Det første nynorske teatret blei skipa i Oslo, med utgangspunkt i teatermiljø i Akershus.
- Kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane var dei første om vedtok nynorsk som tenestemål.

Grunnlaget for den nynorske skriftkulturen blei altså forma i heile åtte fylke. Møre og Romsdal, der det heile tok til med Ivar Aasen, var sjeldan først ute. Heller ikkje Sogn og Fjordane, men der fekk nynorsk skriftkultur raskare større tyngd enn i noko anna fylke.

Vestlandet

Det er store språklege skilnader i Noreg og innbyggjarane lever i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Nynorskbrukarane er framleis mange på Vestlandet, i indre strøk på Sørlandet og i dalføra aust og vest på Austlandet. I Trøndelag og Nord-Noreg har samisk fått sterkare formell status fleire stader.

Innvandrarane dei siste tiåra har teke med seg mange ulike morsmål, men busett seg mest på Austlandet. Såleis har Aust-Noreg, Vest-Noreg og Nord-Noreg no kvar sin språkprofil.

Nynorskbrukarane finst i alle fylka og truleg i nesten alle kommunar. Tre av ti nynorskbrukarar bur ikkje på Vestlandet, men det er der dei er mest konsentrerte og mange stader utgjer dominerande fleirtal.

Bokmål er den mest brukte målforma i alle landsdelar. Slik har det vore like sidan Stortinget jamstelte det nye landsmålet med det etablerte *bogsproget* i 1885. Ei av dei viktigaste endringane dei siste 50 åra er at det er blitt høvesvis færre nynorskbrukarar i andre landsdelar enn på Vestlandet. Nesten halvparten av dei som helst bruker nynorsk privat, bruker like gjerne bokmål som nynorsk. Dei fleste av desse hadde nynorsk som opplæringsspråk i skulen.

Nynorskbrukarane på Vestlandet står no for alt frå 38 % til 91 % av all bruk av nynorsk, alt etter om det gjeld elevar i grunnskulen, elevar i vidaregåande skule, privat bruk blant vaksne, medlemer i Noregs Mållag, aviser redigerte på nynorsk, kommunar med nynorsk tenestemål eller kyrkjesokn med nynorsk liturgi. Slik har det ikkje alltid vore.

Det var høvesvis fleire nynorskelevar i grunnskulen på Vestlandet i 2008 enn i første

[1] Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 1.3, 1.4 og 17.12.

halvdel av 1900-talet. I 1910 var 33 % av vestlandselevane nynorskbrukarar, i 2008 43 %. I alle dei andre landsdelane har utviklinga gått motsett veg etter 1945. Resultatet er at nær ni av ti nynorskelevar både i grunnskulen og i vidaregåande skule bur på Vestlandet.

Desse endringane har mest å gjere med endringar i busetnadsmønster og demografi. Også folkerøystingane om skulemål har hatt sitt å seie. På Austlandet har eit klart fleirtal enda med nynorsk etter 1965. På Sørlandet og Vestlandet har eit knapt fleirtal enda med bokmål, medan dei alle fleste folkerøystingar i Trøndelag og Nord-Noreg har gitt bokmål som resultat.

Den same tendensen gjer seg gjeldande for målbruken i kyrkjesokna. I 1937 brukte 47 % av kyrkjesokna på Vestlandet nynorsk. Dette har auka mykje over tid, slik at heile 75 % av kyrkjesokna på Vestlandet i 2009 hadde nynorsk liturgi. Medan nynorsk som skulemål elles er redusert til langt under 10 % i alle andre landsdelar enn Austlandet, bruker framleis meir enn 10 % av kyrkjesokna i både Trøndelag, på Sørlandet og Austlandet nynorsk liturgi.

Etter dei mange kommunesamanslåingane i 1960-åra var talet på nynorskkommunar på sitt høgaste i 2000. Austlandet hadde like mange nynorskkommunar i 2009 som i 1970, medan svært mange nøytrale kommunar på Austlandet i dette tidsrommet gjekk over til bokmål. Etter 1900 har ingen kommune i Trøndelag eller Nord-Noreg nynorsk som tenestemål.

Utover på 1900-talet blei det skipa svært mange lokale fådagarsaviser på Vestlandet. Dei aller fleste av desse er redigerte på nynorsk eller på begge målformer. I 2010 kom åtte av ti nynorskaviser ut på Vestlandet, mot sju av ti i 1925. Den gongen var det færre, men større aviser, og fleire dagsaviser. No dominerer fådagarsavisene heilt. Til liks med radio og tv er avisene med og utjamnar dei klare språklege regionaliseringstendensane som kan knytast til bustadadresse.

I organisert form er nynorsken blitt mindre vestlandsk. I 2011 budde litt over halvparten av alle medlemene i Noregs Mållag på Vestlandet, mot fire av ti i 1918. Dei siste 25 åra har kvar fjerde mållagsmedlem budd på Austlandet. På papiret er målrørsla altså relativt sett sterkast der nynorsken er minst brukt.

Nøkkeltal for Sogn og Fjordane

Nynorsk er like sjølvsagt i vest mot Nordsjøen som bokmål er aust ved Oslofjorden. Det spesielle ved dette er at bokmål er det dominerande språket nasjonalt. Då er det ikkje opplagt at eit anna språk kan stå så sterkt i ein del av landet.

Berre 2 % av alle nordmenn bur i Sogn og Fjordane. Språkleg og dermed kulturelt er fylket mykje viktigare enn slike tal skulle tilseie.

Dokumentasjonen blir innleidd med to oversyn over språklege nøkkeltal for fylket. *Nynorsk språkbarometer 2011* er konsentrert om dei emna der det ligg føre nasjonale og regionale data som kan jamførast (tabell 1). Barometeret viser tilstanden i dag og markerer eventuelle endringar det siste tiåret. Regionale endringar over tid er dokumenterte for tre emne – kommunar med nynorsk tenestemål, kyrkjesokn med nynorsk liturgi og elevar med nynorsk opplæringsspråk (tabell 2).

I språkbarometeret dannar Sogn og Fjordane eit nynorsk høgtrykk på den øvste delen av skalaen, medan det ligg eit lågtrykk over Noreg på rekne på den nedre delen. Fleire raude piler peikar nedover i Noreg, men i Sogn og Fjordane er pilene grøne og peikar oppover. Enno.

Få av dei endringane i bruken av nynorsk som har prega Noreg det siste hundreåret, har gjort seg gjeldande i Sogn og Fjordane. Dette illustrerer at Noreg er eit samfunn med meir enn eitt kulturelt sentrum. Eit slåande døme er den sterke diskusjonen om samnorsk kring 1950. Då samnorskmotstanden var på sitt sterkaste, organiserte Foreldreaksjonen mot samnorsk ein stor underskriftsaksjon. Den 1. januar 1953 hadde dei fått inn om lag 400 000 underskrifter. Berre 300

av desse – 0,8 promille – var frå Sogn og Fjordane, medan 124 000 hadde adresser i Oslo.[2] Det som var ei stor sak inst i Oslofjorden, kunne knapt merkast innover i fjordane vestpå.

Den posisjonen nynorskbrukarane etablerte i fylket i tiåra før 1940, er stort sett like sterk i dag. Den som ønskjer å styrkje bruken av nynorsk eller ta vare på den tradisjonen som alt finst, bør ikkje slå seg til ro med at dagens situasjon er stabil. Der er nokre gryande teikn til endring som tilseier ein føre var-strategi.

På dette punktet har det som Sogn og Fjordane gjer, nasjonal interesse og nasjonale konsekvensar fordi fylket har nokre røynsler sentrale styresmakter ikkje kan finne andre stader.

Regionale skilnader i fylket

Der det har vore mogleg, er kommunar sorterte etter region med eit skilje mellom ytre og indre. Ei slik sortering kan få fram nokre nyansar og skjule andre. Ein kommune som Bremanger har formelt orientert eg til Nordfjord, men alt etter kvar dei bur i kommunen, reknar innbyggjarane seg som nordfjordingar eller sunnfjordingar. Andre døme er Fjaler og Hyllestad, der fiskeria gjer mindre av seg og kystpreget er svakare enn i i andre kystkommunar.

	Ytre	Indre
Nordfjord	Bremanger Selje Vågsøy	Eid Gloppen Hornindal Stryn
Sunnfjord	Askvoll Fjaler Flora	Førde Gaular Jølster Naustdal
Sogn	Gulen Hyllestad Solund	Aurland Balestrand Høyanger Leikanger Luster Lærdal Sogndal Vik Årdal

Ei ganske utbreidd oppfatning har vore at nynorsken raskt blei teken i bruk i dei indre bygdene, men blei møtt med meir motstand ute ved kysten i både Hordaland og Sogn og Fjordane.[3] Den oppfatninga blir eit stykke på veg støtta i denne dokumentasjonen. Her er likevel fleire døme på at nynorsken kom tidleg i bruk også ute ved kysten – frå Bremanger kom både den første offentlege annonsen og det første bladet redigert på nynorsk, og det første mållaget blei skipa i Florø.

Frå seinare år blir det dokumentert visse tendensar til at nynorsken står svakare ute ved kysten enn innover i fjordane. Her må meir undersøkjast før eintydige konklusjonar kan trekkjast, men politisk kan det vere føremålstenleg å gå ut frå at det faktisk er slik.

Skilnadene mellom tettbygde og spreidtbygde område er mindre i Sogn og Fjordane enn i det meste av landet elles. Det kan godt hende at fråværet av sterk urbanisering har vore ein styrke for bruken av nynorsk, men det seier heller ikkje seg sjølv at nynorsk skriftkultur taper mot alt urbant. Modernisering av samfunn har med meir å gjere enn urbanisering, men analysar av moderniseringsprosessar gir innsyn i språklege posisjonsendringar. I ein stor studie av

[2] *Sprog og tall*, Oslo 1960, s. 33 f.

[3] Ottar Grepstad: «Demokratisering i ein språkdelt kultur», *Vestlandets historie*, Bergen 2006, band 3, s. 175.

målreising og modernisering har historikaren Oddmund L. Hoel mellom anna vist kva som skjedde då ein del einsidige industristader blei utvikla på Vestlandet tidleg på 1900-talet.[4]

Høyanger er ein slik industristad. Då industrireisinga tok til i 1916, var dette ei veglaus grend i Kyrkjebø herad med 124 innbyggjarar. Då aluminiumsproduksjonen tok til i 1919, budde nær 1000 menneske der.

Landsmålet blei teke tidleg i bruk. Alt i 1891 hadde skulestyret i Kyrkjebø innført ei noregshistorie på landsmål i undervisninga, i 1900 brukte alle skulane i kommunane abc-bok på landsmål, og i 1902 tok Kyrkjebø sokn i bruk Blix-salmane (tabell 40). Mange av innflyttarane kom frå miljø og område fjernt frå landsmålet. Dette gjorde den nye industristaden Høyanger til eit språkdelt samfunn. Slik blei det også mange andre stader i landet. Noreg var blitt eit land med ein språkdelt kultur ikkje berre nasjonalt, men også lokalt. I 1917 vedtok difor Stortinget at kommunane kunne opprette språklege parallellklassar. I Høyanger kom slike få år seinare. Gruppene av nynorsk- og bokmålsbrukarar var jamstore, og striden var kvass. Noka folkerøysting om saka blei det likevel ikkje; truleg dempa ordninga med parallellklassar behovet.

Landsmålet vann først mest fram i område langt unna byane, og på desse industristadene kom landsmålet under sterkt press. Mot dei fastbuande med sin klassiske allianse av bondepolitikarar og lærarar stod innflyttarar i form av funksjonærar på aluminiumsverket og folk frå borgarskapet mot. Nynorsk var likevel så solid etablert i lokalsamfunnet at den innflytta språktradisjonen ikkje tok heilt over. Etter dei store økonomiske og sosiale endringane tidleg på 1900-talet blei Høyanger med tida ein like sterk brukar av nynorsk som bygdene i fylket.

Det sosiologen Andras Hompland har kalla innflyttarplaga, prega Høyanger for lang tid. Studiar av Årdal peikar i same retning som Hoels analyse av Høyanger. Med grundige studiar også av andre språkdelte lokalsamfunn, særleg Florø og Måløy, blir det mogleg å forstå meir av regionale og kulturelle skilnader i fylket.

Grunnskule

I Sogn og Fjordane er bokmål eit marginalt språk i grunnskulen. Nesten alle borna går gjennom skulen i formelt eittspråklege miljø der nynorsk er einerådande. Berre i dette fylket er det slik. Den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål er også liten innanfor skuleverket. Frå 1. til 10. steget går frå elevar over frå nynorsk til bokmål (tabell 3). I skuleåret 2011–12 har 44 elevar i 1. klasse bokmål, og i 10. klasse har 73 bokmål. Noko av dette kan kome frå tilflytting. Ti år tidlegare var det 42 bokmålselevar i 1. og 122 bokmålselevar i 10. klasse. For tjue år sidan var det derimot ingen bokmålselevar verken i 1. eller 10. klasse. Fylkeskommunen gjer klokt i å rekne med at talet blir noko større dei neste ti og tjue åra.

Utviklinga skil seg lite frå kommune til kommune. Statistikken speglar eit robust språkmiljø der nynorsk blir rekna som eit sjølvsagt språk. Det er ingen tydelege skilnader mellom indre og ytre strøk. Berre to kommunar skil seg ut, av næringshistoriske og sosiale grunnar.

Tre av fire bokmålselevane bur i Vågsøy og Flora. Berre desse to kommunane har meir enn 100 bokmålselevar (tabell 4). Også her er likevel bokmålsbrukarane i mindretal, og der er ingen klar tendens til at den status bokmål har nasjonalt, får fleire born i desse kommunane til å skifte til bokmål enn i andre delar av fylket. I Vågsøy blir likevel nynorsk brukt av færre born i 2012 enn for tjue år sidan, medan fleire enn før bruker nynorsk i Flora (tabell 5). 82 % nynorskbrukarar i Vågsøy i 1993 er blitt til 77 % i 2012, medan 88 % nynorsk i Flora i 1993 no er blitt til 94 %. Dette er konsekvensen av ei folkerøysting om skulemål i Florø krins i 2005. Flora liknar etter dette meir på gjennomsnittet i fylket enn nokon gong før.

---

[4] Den vidare framstillinga byggjer på Oddmund L. Hoel: *Mål og modernisering 1868 – 1940*, Oslo 2011, s. 249–285.

Kor mange som skiftar språk etter grunnskulen i desse to kommunane, er ukjent.

Sogn og Fjordane har i hundre år vore Nynorskfylket i norsk skule. Alt i 1910 var nynorsk opplæringsspråket for eit fleirtal av borna i fylket (tabell 6–8). Dette var resultatet av den vesle norske kulturrevolusjonen frå 1905. Dette store språk- og kulturskiftet kom i åra 1905–1910 i Hordaland og Sogn og Fjordane, i tida 1915–1920 i Rogaland og Møre og Romsdal (tabell 16).[5] Den store endringa i retning av meir bruk av bokmål slo inn i Rogaland kring 1970 og i Hordaland kring 1995 (tabell 12). Aldri auka bruken av nynorsk meir i Noreg enn mellom 1935 og 1950 (tabell 15). Då var endringane store i mange fylke, berre ikkje i Sogn og Fjordane. Der hadde den store endringa kome lenge før.

Sogn og Fjordane er eitt av tre fylke der nynorsk er tydeleg meir brukt no enn for hundre år sidan. Dei to andre er Oppland og Møre og Romsdal.

Frå å vere i fleirtal i Sogn og Fjordane alt i 1910 utgjorde nynorskbrukarane i 1920 90 % av alle elevane i skulen (tabell 9–10). I alle år seinare har prosenttalet vore endå høgare. Elles på Vestlandet har mykje endra seg. 20 % nynorskelevar i Rogaland i 1910 blei til 80 % i 1943 og er i 2012 nede i 24 %. Hordaland har gått frå 52 % i 1910 til 82 % i 1943 og ned til 39 % i 2012. I Møre og Romsdal endra det seg frå 38 % i 1910 via 93 % i 1947 til 52 % i 2012.

I Oppland hadde 6 % av elevane nynorsk som opplæringsspråk i 1910. Dette toppa seg i 48 % i 1950, og i skuleåret 2011-12 brukte 19 % av elevane nynorsk, som er mykje meir enn for hundre år sidan. Austafor og nordafjells har det meste elles gått nedover. Troms var oppe i 46 % nynorskelevar i 1946, medan Nordland på det meste hadde 31 % i 1940-åra. I skuleåret 2011-12 er det ikkje meir enn 63 nynorskelevar i Trøndelag og Nord-Noreg. Nord-Trøndelag hadde 38 % nynorskelevar i 1910, 68 % i 1948, kom under 10 % i 1980-åra og har 2011-12 ingen nynorskelevar.

Buskerud gjekk frå null nynorskelevar i 1910 til 13 % i 1954 og har i seinare år vore nede på stabilt på 3 % nynorskbrukarar. Telemark er ikkje lenger det nynorske tyngdepunktet det lenge var. Der blei 32 % nynorskbrukarar i 1910 til 48 % i 1967, men talet har no stupt til 11 %.

Mot slike utviklingslinjer blir Sogn og Fjordane einestående. Det meste av tida sidan 1945 har fylket hatt 97 % nynorskbrukarar. Heilt snorrett har ikkje denne utviklinga vore. Bruken av bokmål auka noko i 1960- og 70-åra. I tiåra etter 1945 blei store mengder grendeskular lagde ned og svært mange skulekrinsar blei slått saman. Dette kan ha verka inn også i Sogn og Fjordane.

Ikkje berre står bruken av nynorsk generelt sterkt i Sogn og Fjordane. Skulemiljøa er også meir eittspråklege enn dei er i andre område der nynorsk blir mykje brukt. Dette kjem fram ved å analysere kor mange kommunar har minst 90 % nynorsk- eller bokmålselevar (tabell 14). Kommunar der ingen av språka utgjer 90 %, blir då rekna som blanda kommunar. Sogn og Fjordane har ingen slik bokmålskommune og berre Vågsøy er tydeleg språkblanda. Det motsette mønsteret er det typiske i Noreg og blei meir typisk på Vestlandet i andre halvdel av 1900-talet. Det vil seie at ein aukande del av nynorskbrukarane går i språkdelte skulemiljø alt i grunnskulen.

Sogn og Fjordane har både mange nynorskbrukarar og store miljø av nynorskbrukarar. Ei oppteljing i 2004 avdekte såleis at fylket då hadde 8 av 36 skular med meir enn 300 nynorskelevar (tabell 17). Også dette er med og gir bruken av nynorsk meir tyngd. Sjølv om fylket har mange små kommunar og skular med få elevar, er der også mange støre nynorskmiljø som er lite prega av språkblanding i skulekvardagen. Dette blir streka under av det faktum at ein av dei tabellane som ikkje kan lagast, er den som viser kor mange minoritetselevar i Sogn og Fjordane hadde særskild språkopplæring i grunnskulen 2000–12. Grunnskolens Informasjonssystem gir berre informasjon om dette på landsplan, ikkje for fylke eller kommunar.

---

[5] Dokumentasjonen frå tidleg 1900-tal byggjer på mange kjelder som ikkje på alle punkt stemmer med kvarandre. Difor kan nokre av tala i tabell 16 skilje seg frå det som kan lesast ut av andre tabellar.

Vidaregåande skule

Til skilnad frå det meste av Noreg elles har nynorsk ganske høg status blant tenåringane i Sogn og Fjordane. Det kjem fram av eit omfattande materiale som her blir publisert for første gong (tabell 18–20). Det gir både ei lita og ei stor overrasking.

Noreg har i over hundre år hatt detaljrike og pålitelege tal for bruk av nynorsk og bokmål i folkeskulen og seinare grunnskulen. For realskulen blei det aldri offentleggjort data, og for gymnaset berre i avgrensa omfang. Den vidaregåande skulen blei innført frå 1975, men først i 2012 kjem no den første dokumentasjonen. Det vil seie at både sentrale og lokale styresmakter har mangla ein del relevant kunnskap om språklege endringar i samfunnet og dermed hatt eit dårleg grunnlag for politisk handling.

Hovudmålet til elevane blir ikkje registrert systematisk og påliteleg når dei tek til på vidaregåande skule, berre ved oppmelding til eksamen. Då skjer det på to ulike nivå. For yrkesførebuande program blir eksamen gitt lokalt, og dokumentasjonen av fordeling mellom nynorsk og bokmål blir verande lokalt. For studieførebuande program blir eksamen gitt sentralt, og her ligg det no føre informasjon om målforma til elevane frå og med 2008. Utdanningsdirektoratet har varsla at dette kjem inn i faste former frå og med 2012. Direktoratet har sjenerøst stilt til rådvelde det materialet dei har for oppmelding i norsk skriftleg.

Nasjonalt syner dette materialet at ved eksamen i norsk på studieførebuande program var nynorsk hovudmålet for 6 % av elevane i 2012, mot 7 % i 2009. I Sogn og Fjordane var derimot nynorsk hovudmålet for 86 % av elevane i 2012 og for 84 % i 2009. På ny slår stabiliteten inn som det typiske.[6]

Alle fylkeskommunane har nynorskelevar på vidaregåande skular, men dei regionale skilnadene er både store og overraskande. På Vestlandet hadde 25 % av elevane nynorsk som hovudmål i 2009, og 23 % hadde det i 2012. Tilbakegangen var størst Møre og Romsdal. Nynorsktradisjonen har vore sterk i både Telemark, Oppland og Buskerud. I Telemark utgjorde nynorskelevane 5 % både i 2009 og 2012, medan Oppland gjekk frå 7 % til 4 %, og i Buskerud tek no berre eit fåtal av dei mange grunnskuleelevane som med seg nynorsken ut i verda etter vidaregåande skule.

Den vesle overraskinga ligg i nord. Rekna i absolutte tal hadde Finnmark like mange nynorskelevar i vidaregåande skule i åra 2009–2012 som Akershus. Mange er dei ikkje, men dei er der. Til dei vidaregåande skulane kan elevar reise ganske langt, og Finnmark er av dei fylka som har skular med mange langvegsfarande elevar. Særleg ein del private skular får slike konsekvensar. I Sogn og Fjordane er nynorskelevane i mindretal berre ved Sygna vidaregåande skule i Balestrand. Denne skulen er eigd og driven av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Tabellar syner aldri årsaker, men minst tre tendensar kan lesast ut av dette materialet.

For det første inneber urbanisering og sentralisering fleire bokmålsbrukarar. Berre på desse fem åra fekk Akershus og Oslo 4000 fleire elevar som tok eksamen på studieførebuande program. Talet på nynorskelevar var lågt, men konstant – talet på bokmålselevar høgt og aukande. Mange av desse hadde nok bokmål frå før.

For det andre fører urbanisering og sentralisering til språkskifte. Dette er særleg tydeleg i Rogaland og Møre og Romsdal. Nynorskelevane blei færre og bokmålselevane fleire. Dei språkmøta ein del elevar kjem borti, får særleg språklege følgjer for dei som er usikre språkleg eller på anna vis. Då er det greiast å følgje fleirtalet. Det er ikkje sikkert at desse opplever dette som noko problem, men for posisjonen for nynorsk har desse språkmøta altså negative følgjer.

---

[6] Tal frå Utdanningsdirektoratet for delar av eksamenskullet i 2008 tyder på at 7,7 % då skreiv nynorsk til eksamen. I Sogn og Fjordane gjorde 88,7 % dette.

For det tredje blir nynorskbrukarane gjerne verande nynorskbrukarar viss dei bur i miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert fleirtalsspråk. Slik er det i store delar av Sogn og Fjordane. Fylket manglar dei tette, større byane, men den urbaniseringa som finst, slår i liten grad ut negativt for bruken av nynorsk i vidaregåande skule. Av dei offentlege skulane i Sogn og Fjordane har berre Flora og Måløy vidaregåande skular eit vesentleg innslag av bokmålsbrukarar. Ved begge skulane har prosentdelen nynorskbrukarar auka mykje dei siste åra.

Det nye materialet gir tryggare grunnlag for vurderingar som tidlegare har vore avgrensa til to mindre undersøkingar. I 2004 kartla Hafstad vidaregåande skule språkbruksmønsteret blant alle elevar ved vidaregåande skular i fylket. I 2010 kartla to forskarar situasjonen ved Firda vidaregåande skule på Sandane og jamførte denne med Valdres videregående skole på Fagernes.

I 2004 var 91 % av elevane ved vidaregåande skular i fylket nynorskbrukarar (tabell 23). Då desse gjekk i barne- og ungdomsskulen, brukte 95 % av dei nynorsk. Gjennom vidaregåande skule blei det i denne undersøkinga altså 4 % færre nynorskbrukarar i Sogn og Fjordane. Dette inkluderer eventuelle innflyttarar med bokmålsbakgrunn. Nedgangen er uvanleg liten; alle andre stader i landet er overgangen til bokmål større. Til gjengjeld er det god grunn til å rekne med at ein del skiftar til bokmål etter avslutta vidaregåande skule, som studentar eller gjennom yrkesliv.

Undersøkinga frå 2004 viste at ein av fire rekna med at nynorsk kom til å bli ein ulempe for dei. Likevel trudde berre ein av ti at dei ville skifte. Det seier mykje om kor sterk nynorsktradisjonen er i Sogn og Fjordane. Tala frå 2004 blei stadfesta av undersøkinga i 2010 (tabell 21). Også då svara ein av ti at dei rekna med å bli bokmålsbrukarar, medan to av ti trudde dei kom til å nytte begge språka. Som i 2004 hadde få skifta til bokmål i vidaregåande skule.

Desse tala minner mykje om tendensane ved examen artium kring 1970. Berre eit mindretal av årskulla tok i si tid examen artium. Blant desse utgjorde nynorskbrukarane 9 % på nasjonalt nivå i åra 1968–1971 (tabell 24). Av dei som då tok examen artium i Sogn og Fjordane, brukte åtte av ti nynorsk. Tala synte ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn brukte nynorsk. I større grad enn no kom gymnasiastane frå fleire kantar av landet. Difor kan desse tala ikkje fullt ut jamførast med nynorskprosenten frå tida då desse elevane gjekk i grunnskulen. Likevel skifta truleg fleire til bokmål kring 1970 enn kring 2010. Dette samsvarar med tendensen på nasjonalt nivå.[7]

Her må det takast eit sterkt atterhald. I 1950- og 60-åra vekte det oppsikt då fleire målfolk både hevda og dokumenterte at nynorskelevar gjorde det betre til eksamen enn bokmålselevar. Årsaka låg ikkje i språket, men tendensen er der framleis. Kvar haust tek ein del elevar om att eksamenar, eller dei tek eksamen først då av helsegrunnar eller andre årsaker. Stikkprøver tyder på at viss oppmeldingane til hausteksamenar desse vore rekna med i tabellane 18 –20, ville alle nynorsktala vore om lag 0,5 % lågare. Årsaka er at mange fleire bokmålselevar enn nynorskelevar tek (om att) eksamenar til hausten.

Det nye materialet gir innsyn i kva som skjer på dei tre åra i vidaregåande skule. I undersøkinga frå 2010 var nynorsk hovudmålet for 93 % av elevane ved Firda vidaregåande skule i vg1 (tabell 21). Tala for oppmelding til eksamen i 2012 syner at 93 % i vg1 var blitt til 92 % i vg3. Svært få avgangselevar i 2012 har altså skifta til bokmål i dei tre Firda-åra.

No kan også ein annan tendens talfestast. Då dei årskulla som tok eksamen i vidaregåande skule 2009–2012, tok til i 1. klasse i grunnskulen, hadde på landsplan 15 % av dei nynorsk som hovudmål. 2 % gjekk over til bokmål innan 10. klasse, og 5 % til før eksamen i vg3. Om lag halvparten av nynorskbrukarar skiftar til bokmål før dei går ut av vidaregåande skule. vg3 (tabell 18). Dette har vore rekna på før, men no er tala trygge.[8]

---

[7] Denne analysen er utført i Ottar Grepstad: *Den språklege lekkasjen*, årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, www.aasentunet.no.

[8] Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, tabell 8.1.

Denne språklege lekkasjen pregar også Vestlandet, men svært ulikt frå fylke til fylke. Størst er skiftet i Møre og Romsdal. Der går heile 28 % frå nynorsk til bokmål – 4 % i grunnskulen, resten i vidaregåande skule. Minst er endringa i Sogn og Fjordane: 2–3 % skiftar i grunnskulen, 9–10 % i vidaregåande skule.

I det språkpolitiske ordskiftet har det lenge rådd uvisse om utviklinga i vidaregåande skule. Tala som her blir offentleggjorde, gir eit første avklarande svar om situasjonen i studieførebuande program. For yrkesførebuande program er uvissa framleis stor, men tala for 2012 gir iallfall ein peikepinn (tabell 19 og 20).

Der kjem den store overraskinga. Ein har gjerne rekna med at den språklege lekkasjen av nynorskbrukarar har vore større på yrkesførebuande enn studieførebuande program. Det kan godt hende det er slik, men hypotesen blir ikkje stadfesta for dei elevane som kjem frå yrkesførebuande program og tek påbyggingskurs i vg3. Tvert om viser det seg at i 2012 skriv 6,5 % av desse nynorsk på eksamen i norsk, mot 6,3 % på studieførebuande program.

Denne vesle desimalskilnaden er både interessant og uventa. Svaret ligg i Hordaland. Dette er det einaste fylket der prosentdelen nynorskelevar er større på påbyggingskurset enn for dei som har følgt det studieførebuande programmet. Skilnaden er så stor at den slår ut nasjonalt. Mykje må undersøkjast for å kunne forklare dette, og sjølv om det trengst tal for fleire år, dreiar det seg neppe om eit tilfeldig blaff. Så store skilnader i språkbruk oppstår ikkje frå eitt år til neste. Mest truleg ligg den viktigaste forklaringa i næringslivet og næringsstruktur. Både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har eit desentralisert næringsliv. Likevel kan det sjå ut til at det desentraliserte næringslivet er kopla sterkare til sterke, regionale nynorsktradisjonar i Hordaland enn i dei to fylka, og at dette gjer det lettare for ein del nynorskbrukarar å halde på språket. Årsakssamanhengen er ikkje opplagd, og er det noko det er språk- og sosialpolitisk viktig å finne utmeir om, er det dette.

Også i Sogn og Fjordane er det altså færre nynorskelevar på påbyggingskurset enn på studieførebuing, men her skil det seg mykje frå skule til skule. Nedgangen skriv seg frå Firda, Hafstad og Sygna vidaregåande skular, medan Måløy vidaregåande skule har like mange nynorskelevar på påbyggingskurset som elles, og Flora jamvel har fleire. Dette kan ikkje forklarast med moglege allmenne skilnader mellom ytre og indre strøk. Skilnader i yrkesprofilar og eventuell sosial status kan derimot verke inn, eventuelt også tilflytting.

Noko av språkskiftet må reknast som taktisk skifte ved eksamen. Det er kjent at ein del nynorskelevar i vidaregåande skule melder seg opp til eksamen med bokmål som hovudmål, slik at dei er sikra gode karakterar både i hovudmål og sidemål. Ingen veit kor mange som gjer dette, men det var openbert lite av slike språktaktiske skifte ved Firda vidaregåande skule både i 2004 og 2010. Det vitnar om ein skule som skaper språkleg tryggleik.

Tenåringane ved Firda vidaregåande skule i 2010 hadde to munnlege språk – sin eigen dialekt og eit såkalla blandingsspråk (tabell 21). Til familie og kjende brukte dei med få unntak sin eigen dialekt, medan dei til venene i større grad brukte blandingsspråket. Undersøkinga stadfestar at dialektane i fylket har høg status blant unge.

For den vidare bruken av nynorsk er det svært positivt at ni av ti Firda-elevar likte godt eller svært godt å skrive nynorsk, og at dei likte betre å skrive nynorsk enn engelsk, sjølv om svært mange av dei gjerne også skriv engelsk. I ei nasjonal undersøking i 2006 svara seks av ti nynorskelevar i vidaregåande skule at dei i ganske stor eller i stor grad likte å skrive nynorsk.[9]

Alt dette viser at dagens 19-åringar handterer mange språk og språkvariantar alt etter høve og sjanger. Dei gjer det på anna vis i Nordfjord enn i Valdres. Haldningar og praksis hos Firda-elevane i 2010 kan jamførast med ei tilsvarande undersøking ved Fagernes vidaregåande skule året før. Nesten alt som var stabilt over tid hos Firda-elevane, endra seg mykje hos

[9] Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, tabell 7.17.

Fagernes-elevane.[10] 65 % av dei hadde hatt nynorsk som hovudmål i barneskulen. I ungdomsskulen hadde 41 % av elevane nynorsk, og då dei tok til i vidaregåande skule, hadde berre 21 % av dei nynorsk som hovudmål. Einast eit par prosent sa dei brukte begge målformene.

Hovudtendensen er framleis at den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål slår inn med størst kraft først etter ungdomsskulen. Undersøkinga frå Valdres gir likevel grunn til å tru at der nynorsken er under press utanfor skulen, kan dette språkskiftet kome tidlegare. Utviklinga i Trøndelag på 1960- og 70-talet kan tene som eit varsku om kva prosessar som no gjer seg gjeldande i Valdres og delar av Telemark.

Gjennom det meste av 1900-talet har der altså vore ein språkleg lekkasje frå nynorsk til bokmål i Noreg. Dette gjer ein del av nynorskbrukarane tospråklege ved at dei tek vare på kompetansen i nynorsk. Deira samla språkkompetanse er dermed større enn hos mange andre. Likevel er det tydeleg at dei fleste av desse etter kvart bruker mindre nynorsk.

Sogn og Fjordane står for sin del endå sterkare som nynorskfylke jamført med resten av landet ved utgangen av vidaregåande skule enn ved inngangen til grunnskulen. Her dreiar det seg om grunnfjell av granitt. Også slikt kan slå sprekker. Førebels er sprekkene ganske små, men det ville vere klokt å rekne med at lekkasjen aukar viss særskilde tiltak ikkje blir sette inn.

Vernepliktige

Stabil bruk av nynorsk har altså prega born og unge i Sogn og Fjordane i snart hundre år. Denne stabiliteten viser seg også i sjølvmeldingane frå vernepliktige om kva målform dei bruker. I 1950 svara 88 % av dei vernepliktige i fylket at dei brukte nynorsk.[11] Desse 19-åringane byrja på skulen i 1938. Då var nynorsk språket for 94 % av elevane i Sogn og Fjordane (tabell 9). Det vil seie at 6 % av dei som brukte nynorsk i 1938, hadde gått over til bokmål i 1950.

Seinare har tala vore på dette høge nivået. Den negative utviklinga for nynorsk i fylket i 1960- og 70-åra viser att også for vernepliktige (tabell 28). Berre to tredelar av alle vernepliktige i fylket brukte i 1964 nynorsk. 30 år seinare brukte derimot ni av ti nynorsk.

I seinare år blir ikkje heile årskulla kalla inn til sesjon. For mange kommunar er få personar registrerte, og konklusjonane må takast med atterhald. Dei atterhalda må vere sterkare for geografi enn for språk. I 2010 brukte 82 % av dei vernepliktige i fylket i nynorsk (tabell 25). Det vil seie at 15 % av dei som i si tid hadde vore nynorskbrukarar i grunnskulen, no brukte bokmål. Noko fleire skifta altså til bokmål enn det undersøkinga i 2004 tydde på (tabell 23).

Det var i 2010 mindre enn 80 % nynorskbrukarar blant dei vernepliktige i sju kommunar. Høvesvis fleire av desse var å finne i ytre enn i indre strøk, og tala indikerer ein tendens til at fleire skiftar til bokmål i ytre strøk enn innover i fjordane og dalane. I så fall er den språklege lekkasjen mest eit kystfenomen i Sogn og Fjordane.

Tendensane frå 2010 kan jamførast med 2000 (tabell 26). Då utgjorde nynorskbrukarane på sesjonar i Sogn og Fjordane 88 %, og berre tre kommunar hadde mindre enn 80 % nynorskbrukarar. Med dei nemnde atterhalda var altså den språklege lekkasjen større i 2010 enn i 2000. Dette tyder på at ei språkleg endring er i emning.

Jamført med alle andre fylke var bruken av nynorsk meir stabil hos vernepliktige i tidsrommet 2000-2010 enn tilfellet var i andre fylke (tabell 27). Særleg i Møre og Romsdal var endringa så stor at tala det året neppe var representative for det fylket.

---

[10] Dokumentert i *Språkfakta 2010*.

[11] Vilhelm Coucheron Jarl: «Våre skriftlige målformers utbredelse», *Verdens Gang* 28.8.1953. Jarl har slik informasjon for alle fylka, men statistikken dekkjer berre bygdene. Det gjer det vanskeleg å bruke tala for andre fylke enn nettopp Sogn og Fjordane.

Vaksne

Talet på nynorskbrukarar har halde seg stabilt sidan 1990-åra. Dei bur over heile landet, men Vestlandet aukar prosentdelen sin.

Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat og at nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det at vedkomande bruker bokmål. Det er også fleire bokmålsbrukarar blant dei med høg inntekt enn blant dei med låg inntekt. Når bokmål og nynorsk har ulik posisjon i Noreg, heng det altså også saman med sosiale skilnader.

Fire nyare, store undersøkingar syner at nynorskbrukarane er sette saman av to grupper: Dei som berre bruker nynorsk i privat skrift, og dei som bruker begge målformene. Forholdet mellom desse gruppene er om lag 60–40 i undersøkingane. Mange av dei som bruker begge målformer, her kalla blandabrukarar, er truleg nynorskbrukarar som har flytta til byane og bruker bokmål i arbeidsdagen og kanskje i ein del urbane samanhengar. I 2005 svara 7,5 % at dei helst brukte nynorsk privat, og 5,5 % svara at dei like gjerne brukte bokmål som nynorsk. Tilsvarande tal ti år tidlegare var 7,4 % og 5,0 %.

Nynorskbrukarane bur over heile landet, er ikkje i fleirtal i nokon landsdel, men gjer mest av seg på Vestlandet. Det er også på Vestlandet det er mest vanleg å skifte mellom nynorsk og bokmål. Når dei tospråklege er rekna med, er det meir enn 20 % nynorskbrukarar i fire fylke: Rogaland (24 %), Hordaland (32 %), Møre og Romsdal (29 %) og Sogn og Fjordane (75 %). Kvar femte person på Vestlandet nyttar altså nynorsk privat. Sør- og Vestlandet har ved sida av Telemark og delar av Oppland og Nord-Trøndelag vore dei viktigaste heimstadene for nynorskbrukarane.

I Sogn og Fjordane bruker seks av ti vaksne innbyggjarar nynorsk, og to av ti er tospråklege (tabell 29). Dette viser to viktige trekk. Det eine er at ein del av dei som i barneåra brukte nynorsk, seinare skiftar til bokmål. Det andre er at språkkompetansen i fylket er stor.

Tendensen blir understreka av informasjon om målform hos medlemer i samyrkjelaga i 1977 (tabell 32). I størsteparten av fylket var så mykje som 96 % av medlemene nynorskbrukarar. Det indikerer at samyrkjelaga i stor grad rekrutterte medlemene sine frå dei miljøa der nynorsken stod sterkast. Samyrkeørsle brukte lenge mykje nynorsk. Ein tredel av dei over 460 000 medlemene i det som no er Coop, budde då i nynorskkommunar eller i språkblanda område. I august 2005 passerte Coop ein million medlemer. Coop hadde iallfall så seint som i 1998 språkreglar som mellom anna slo fast at det skulle vere ei rimeleg fordeling mellom nynorsk og bokmål. Dette gjaldt også for medlemsbladet, som då var eitt av få nynorske innslag i norsk handelsnæring på nasjonalt nivå, og kvart tredje år kom årsmeldinga for hovudkonsernet på nynorsk. Organisasjonen hadde også handbok for tillitsvalde på nynorsk.

Ei viktig side av saka er kva haldning innbyggjarane har til å lære å skrive og lese både nynorsk og bokmål. Sogn og Fjordane er det einaste fylket der fleirtalet av innbyggjarane meiner at det bør alle elevar gjere (tabell 30). Sogn og Fjordane er ganske eittspråkleg i praksis, men innbyggjarane gir sterk støtte for tanken om å vere tospråkleg. Dei som bruker nynorsk, er dei som også sterkast støttar tanken om at begge språka skal lærast.

Det fylket manglar, er deltaking i tradisjonen med lokale folkerøystingar om opplæringsspråk i grunnskulen. Frå og med 1965 til og med 2011 er det gjennomført 382 slike folkerøystingar i Noreg (tabell 31). Berre ei av dei har vore i Sogn og Fjordane – Flora i 2005. Flest har Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal hatt, med høvesvis 71 og 64. Demografiske endringar har nok hatt meir å seie for endringane i språkbruk, men folkerøystingane fremjar det lokale ordskiftet om språkpolitikken og verdien av nynorsk.

Offentleg forvaltning

Kommunar med nynorsk tenestemål blir kalla nynorskkommunar. Deira rolle i den språkdelte norske kulturen er presentert i tabell 34, som syner at variasjonen er stor kommunane imellom.

Nynorskkommunane speglar i stor grad annan språkbruk i området. Ni av ti nynorskelevar i grunnskulen skuleåret 2008–09 budde då i desse kommunane, men berre sju av ti vernepliktige. Nær åtte av ti kyrkjesokn med nynorsk liturgi låg i nynorskkommunar.

Nynorskkommunane har mange av dei administrative einingane i både skule og kyrkje. 23 % av alle kyrkjesokna i landet ligg i desse kommunane, 20 % av grunnskulane og 15 % av dei vidaregåande skulane.

542 000 menneske budde i nynorskkommunane i 2009. Dette var 11 % av det samla folketalet i landet. Denne prosentdelen har vore ganske stabil sidan 1974, med større endringar begge vegar i tiåra før.

Bruken av nynorsk tenestemål i kommunane følgjer i hovudsak same tendensen som skulemålet. Det var i første halvdel av 1950-åra at nynorskkommunane utgjorde den største prosentdelen av alle innbyggjarane, 22 %. I absolutte tal blei toppen nådd i 1957.

Talet på kommunar endra seg mykje frå 1920-åra til i dag. 747 kommunar i 1930 er blitt til 429 i 2012. Difor varierer også talet på kommunar med nynorsk tenestemål mykje (tabell 33). Utover på 1900-talet og fram til i dag har styrkeforholdet mellom nynorsk, nøytral og bokmål skifta. Prosentdelen nøytrale kommunar var på sitt høgste i 1965, under dei mange kommunesamanslåingane. Det kan ha å gjere med at mange kommunar gjorde førebels vedtak i saka, og gjorde dei ingen vedtak, blei dei rekna som nøytrale. Slik er det framleis: Fråvær av vedtak gjer kommunen språknøytral – på papiret.

I 2011 var 36 % av kommunane språknøytrale, mot 35 % i 1985. I seinare år er det dei språknøytrale kommunane som har auka mest, rekna i absolutte tal. I eit lengre tidsperspektiv er det derimot bokmålskommunane som er blitt fleire. Då nynorskkommunane var som flest i 1954, utgjorde bokmålskommunane berre 27 %. I 2009 brukte derimot 37 % av kommunane bokmål.

Lov om målbruk i offentleg teneste inneber at også fylkeskommunane skal gjere vedtak om tenestemål. Desse vedtaka skal byggje på ei summering av kor mange kommunar som har nynorsk tenestemål, og kor mange som har bokmål. Dei språknøytrale kommunane skal ikkje reknast med. Er det flest nynorskkommunar i fylket, skal fylkeskommunen ha nynorsk tenestemål, og bokmål viss bokmålskommunane er i fleirtal. I 2012 hadde tre fylkeskommunar nynorsk tenestemål, to var nøytrale og 14 brukte bokmål. Dei tre nynorskfylka var Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Kyrkje

Kyrkje er like eittspråkleg nynorsk i Sogn og Fjordane som den er eittspråkleg bokmål i mange delar av landet. Både for Noreg sett under eitt og for fylket har nok kyrkja vore ei språkleg stabiliserande kraft over lengre tid.

Reglane for språkbruk i kyrkja er i all hovudsak dei same i dag som i 1892. Då vedtok Kyrkjedepartementet at kvart kyrkjesokn gjennom folkerøysting avgjer om liturgien og kyrkjehandlingane skal vere på nynorsk eller bokmål. Presten står i preikene fritt i bruk av dei to språka. Prestegjeld er tenestedistriktet til den enkelte presten, og det er ofte fleire sokn i eitt prestegjeld. Ei ny kyrkjelov av 1996 førte til at alle tidlegare kapelldistrikt blei omforma til eigne sokn eller slått saman med andre sokn. Det kan vere fleire kyrkjer i eitt sokn, men målforma er som regel den same for alle. Derimot kan enkeltgudstenester ha avvikande målform.

Frå 1892 var det opp til kyrkjelydane om dei ville ta i bruk salmar av Elias Blix. Som i skulen var det i åra 1905–1910 dei store endringane kom i kyrkja (tabell 39). Av dei 78 sokna som innførte Blix-salmane før dei blei allmenne, gjorde heile 47 sokn vedtak om dette i åra 1905-10.

Mellom 1892 og 1954 blei det i Sogn og Fjordane halde minst 109 folkerøystingar om Blix-salmane, 87 om liturgi og 87 om Nynorsk Salmebok (tabell 40). Tala kan vere høgare då registreringa ikkje er komplett enno.

I 1990-åra blei organisasjonsstrukturen i Den norske kyrkja justert. 1369 sokn i 1996 er i 2012 blitt til 1266, og 397 nynorske sokn i 1996 er blitt til 369 sokn spreidde på sju av 11 bispedøme og 11 av 19 fylke. Endringane slo også inn i Sogn og Fjordane (tabell 37 og 38). Endringane har ikkje ført til noka vesentleg endring i bruken av nynorsk. Kyrkjesokna skiftar sjeldan språkbruk, og sjølv om inndelinga i sokn har vore endra fleire gonger, har nok slike endringar gjort meir av seg i skule og kommunestruktur. Demografiske endringar i omlandet til storbyane kan over tid utløyse ønske om fleire folkerøystingar.

Både i Stavanger, Bjørgvin og Møre bispedøme utgjorde dei nynorske kyrkjesokna ein større del i 2012 enn i 1996. Dette er den motsette utviklinga av skulebruken av nynorsk, men i skulen er dette ein individuell bruk, i kyrkja er den institusjonell.

Bøker, blad og aviser

Det har kome ut 57 aviser i Sogn og Fjordane. Ni av dei kjem framleis ut, og så seint som 2010 blei ei ny avis skipa, Bremanger Budstikke. 34 av desse har vore eller er redigerte på nynorsk.

Før 1940 hadde det vore meir blad enn aviser i den nynorske pressa. Tidleg på 2000-talet var breidda om lag den same, med ei riksdekkjande vekeavis og eit hopetal av lokale dagsaviser eller fådagarsaviser. I sum hadde desse avisene fleire lesarar enn nynorskpressa hadde hatt hundre år tidlegare. Det som mangla, var dei mange dagsavisene. I 1920- og 30-åra talde nynorskpressa gjerne fire dagsaviser på same tid. Etter 1945 har der berre vore to dagsaviser på nynorsk: Sogn Dagblad frå 1965 til 1997, og Firda frå 1996.[12] Med dei mange lokale fådagarsavisene blei den nynorske skriftkulturen knytt til det lokale, i tillegg til dei mange folkerøystingane og lokale vedtaka om målform. Nynorsk er nærast blitt eit kortreist språk som står sterkare i mange lokalsamfunn og regionar enn i storsamfunn og nasjonalstat. Det inneber også at den nynorske lokalpressa har gjort sitt til at nordmenn i dag lever i skiftande språklege fleirtal og mindretal, alt etter kvar dei er i landet.

I seinare år har særleg større papiraviser møtt veggen. Færre kjøper papiraviser, fleire bruker gratisutgåver av dei same avisene på Internett. Dei avisene som klarer seg best i denne nye mediemarknaden, er lokalaviser. Nesten alle nynorskaviser er lokalaviser, og dette gjer at nynorskavisene har auka marknadsdelen sin dei siste åra (tabell 42 og 43). I 1996 stod dei reine nynorskavisene for 6,3 % av det samla avisopplaget. I 2010 hadde dei auka marknadsdelen sin til 7,2 %. Rekna i tal aviser utgjorde derimot nynorskavisene ein større del i 1996 enn i 2010 fordi det i dette tidsrommet kom til mange små lokalaviser som var redigerte på bokmål.

I 1976 kom det ut ti aviser i fylket (tabell 41). Fire av desse gjekk inn i 1990-åra. I det same tidsrommet fram til i dag har det kome til tre nye nynorskaviser. I tillegg har Fjordenes Tidende lempa på sin praksis og bruker no meir nynorsk enn før. Slik sett er det samla redaksjonelle miljøet for nynorsk sterkare no enn i 1970-åra.

Dei to største nynorskavisene er Firda og Sogn Avis, som begge kjem ut i Sogn og Fjordane (tabell 44). Av språkblanda aviser er Fjordenes Tidende med blant dei ti største. Sogn og Fjordane har aldri hatt og har heller ikkje i dag den eine avisa som dekkjer og samlar fylket. Difor

[12] Jf. Terje Eggum: *På trykk. Avisene i Sogn og Fjordane 1874–2009*, Førde 2009, s. 73.

deler ni aviser på å vere størst i kommunane, regionavisene Sunnmørsposten og Bergens Tidende prøver begge å vinne fram, medan VG er den desidert største riksavisa i fylket (tabell 45). Lokalavisene gjorde det i 2004 best i Nordfjord og Sogn. Bergens Tidende dekte då frå 4 % (Årdal) til 37 % (Gulen) av husstandane. Spreiinga av VG strekte seg frå 10 til 34 %, og avisa hadde høvesvis flest lesarar i Selje og i Lærdal. Slike tal røper nokre lange linjer, som at indre Sogn historisk har orientert seg austover mot Oslo.

Dei to nynorske rikspublikasjonane Dag og Tid (avis) og Syn og Segn (tidsskrift) har ganske like spreiingsmønster (tabell 50). Begge har 6 % av tingarane sine i Sogn og Fjordane, og begge har vel 20 % av tingarane sine i Hordaland.

Som nemnt ovanfor var det berre i Sogn og Fjordane at eit fleirtal av vaksne innbyggjarar meiner alle i Noreg bør lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk (side 14). Sogn og Fjordane er også eitt av tre fylke der eit fleirtal av innbyggjarane meiner at riksaviser som VG og Dagbladet bør bruke meir nynorsk (tabell 46). Ingen meiner dette sterkare enn sogningane og fjordingane: sju av ti i 2008, mot fem av ti i Hordaland og Møre og Romsdal, og tre av ti i Oslo.

Det første bladet på nynorsk som blei utgitt i Sogn og Fjordane, stod Ola Johannessen Vik for i Bremangerpollen i 1891 (tabell 47). Som så mange andre blad fekk det eit kort liv. Fram til 1938 kom det ut minst 45 ulike blad i fylket – ungdomsblad, kyrkjelydsblad, skuleblad.

Den første avisa i fylket kom ut i Florø i 1874 (tabell 48). Avisene er blitt sette i gang på 18 ulike stader. Dei tre viktigaste var Florø med 12 aviser, Sogndal med 8 og Leikanger med 5.

Den store spreiinga i fylket av riks- og regonaviser med bokmål som dominerande språk kunne på papiret tilseie at fleire nynorskbrukarar ville blitt bokmålsbrukarar enn det som faktisk har skjedd. Desse avisene har rett nok gitt store mengder lesestoff på bokmål i kvardagslivet, men dei mange lokalavisene på nynorsk har utgjort ei viss motvekt. Bruken av nynorsk blant lesarane har endra seg lite, og bokmålsbrukarane er blitt verande få. Det tilseier at riksmedia ikkje bør overvurderast som språkleg påverknadsfaktor viss der er andre sosiale og kulturelle krefter som dreg i anna lei. Dei fleste nynorskeavisene i fylket kom til etter at nynorsk alt var blitt heilt dominerande i skulen og kyrkja. Desse publikasjonane var i første omgang mest ein konsekvens av dei språklege endringane som skule og kyrkje utgjorde, men blei over tid også ein språkleg stabiliserande faktor.

Forlagsbransjen tok form mange stader i landet, men blei på 1900-talet stort sett konsentrert til Oslo. Mons Litleré skipa alt i 1886 Norskmaalets Boghandel i Naustdal og blei ein viktig forleggjar dei få åra han då hadde att å leve; han døydde i 1893, berre 28 år gamal. Seinare har det ikkje vore profesjonelle forlag i fylket før Forlaget Skald gav ut første boka si i 1993 og Selja Forlag følgde etter i 1996 (tabell 49). I dag er dette to små forlag som har sett seg i respekt i bransjen, og dei har kvar for seg gitt ut om lag 150 bøker. Kvart år gir dei ut 20–30 bøker på nynorsk og 3–5 på bokmål. Saman med fleire sterke lokalaviser gir dette miljø i fylket større tyngd i norsk publisistikk enn det som har vore vanleg i Sogn og Fjordane.

Scenekunst

Lenge var amatørteater i regi av ungdomslag og andre frivillige kulturmiljø dei viktigaste scenekunstskaparane i Sogn og Fjordane. I andre halvdel av 1900-talet kom Riksteatret, og Fjernsynsteatret blei eit nytt tilbod. Den som ville ha meir, måtte til byar som Berrgen og Oslo.

Sogn og Fjordane Teater hadde den første premieren i 1977 (tabell 51). Til og med 2011 har teatret hatt bort imot 800 000 gjester på 7000 framsyningar. Teatret sette opp framsyning nr. 5000 i 2001. Desse høge tala rommar mange års røynsle med scenekunst på nynorsk, og teatret har markert seg med solid språkrøkt i arbeidet med oppsetjingane.

Eit stykke på veg kan teatret jamførast med den yngste nynorske teaterscena, Hordaland

Teater i Bergen. Dette teatret har etter kvart spesialisert seg på barneframsyningar. Frå og med den første premieren i 1988 har teatret til og med 2011 hatt nær 700 000 gjester på 7000 framsyningar. Hordaland Teater spelte framsyning nr. 5000 i 2004.

Størst er Det Norske Teatret med vel 49 300 framsyningar sidan opninga i 1913. Premiere nr. 1000 blei gjennomført i 2006, og framsyning nr. 50 000 kjem i 2012. For dette teatret ligg det føre pålitelege gjestetal frå og med 1960. Frå då og fram til og med 2011 har Det Norske Teatret hatt nær 9,3 millionar gjester.

Desse tre nynorskteatra utviklar frå 2012 eit systematisk samarbeid i form av gjesteturnear og fellesproduksjonar. Dermed når også Sogn og Fjordane Teater ut til endå fleire.

Arbeidsplassar og økonomi

Språkbruk i næringslivet er dårleg dokumentert for Sogn og Fjordane som for andre delar av landet. Éi kjelde til kunnskap er annonsesidene i avisene, og for Sogn og Fjordane ligg det no føre to undersøkingar som viser noko av utviklinga frå 1940-åra fram til i dag. Dermed kan det dokumenterast at i Sogn og Fjordane er nynorsk blitt jamt meir brukt på annonseplass i avisene – frå 38 % i 1948 til 68 % i 2012.

Fram til no har den einaste kjende analysen av bruken av nynorsk i reklame handla om tre aviser i Sogn (tabell 55). Til gjengjeld var dette ein svært innhaldsrik studie av tidsrommet 1948–1980 på grunnlag av nærmare 9000 annonsar. Annonsane var henta frå *Sogn Dagblad* (Høyanger), *Sogn og Fjordane* (Hermansverk) og *Sogningen* (Leikanger), slik at undersøkinga omfatta både indre og ytre Sogn.

Frå 1948 til 1980 auka nynorskdelen frå 38 % i 1948 til 68 % i 1980. Grunnlagsmaterialet viser at annonsespråket utvikla seg ulikt i dei tre avisene. Der var ein tydeleg og noko overraskande tendens til at lokale annonsørar brukte meir bokmål, medan annonsørar utanfor regionen brukte meir nynorsk. Størst var endringa i marknadsføringa av daglegvarer, klede/sko/tekstil og bygg/utstyr. Tendensen gjekk i retning av fleire standardiserte annonsar, ferdiglaga frå produsentane og etter kvart kjedene. Der blei det mindre plass for nynorsk.

Heldt denne tendensen fram etter 1980? Den robuste nynorskbruken i fylket tilseier at svaret er ja. Ei ny, enkel undersøking av alle annonsane i Firda i ei veke i 1972, 1992 og 2012 stadfestar hypotesen, med atterhald (tabell 54). I dette tidsrommet gjekk Firda frå fire til seks nummer i veka, og i alt er 1558 annonsar undersøkte. For 40 år sidan var 62 % av annonsane på nynorsk, for 20 år sidan heile 82 %, og i 2012 var 74 % på nynorsk. Utviklinga skifta mykje frå bransje til bransje på desse 40 åra. Ein jamt større del av kunngjeringane frå organisasjonar og offentleg forvaltning var på nynorsk, medan bruken av nynorsk heile tida var høg innanfor stillingsannonsar, personlege annonsar og tenesteyting.

I 1972 brukte annonsørar frå Sunnfjord mykje meir nynorsk enn annonsørar frå andre regionar eller landsdelar. Det er svært interessant at denne skilnaden var blitt nesten heilt utjamna i 2012. Årsakene er fleire. Det er generelt blitt mindre kontroversielt å bruke nynorsk kommersielt, annonsar frå kjedar blir til ein viss grad meir tilpassa den lokale marknaden, og lokale annonsar står for ein mindre del av den samla annonseringa. I 1972 stod annonsørar frå Sunnfjord for 79 % av annonsane, i 1992 75 % og i 2012 68 %.

På redaksjonell plass bestemmer redaktøren, på annonseplass kundane. Kva språk som er brukt i avisannonsar, seier mykje om kva plass språket har i næringsliv og offentleg forvaltning, men gir ikkje heile biletet. Nokre bransjar annonserer mykje i aviser, særleg bygg og bil, medan andre bruker heilt andre kanalar. Målform i annonsar frå offentleg forvaltning er regulert gjennom kommunale vedtak og lov om målbruk i offentleg teneste. Personlege og private

annonsar – bortkomne kjæledyr, leige og utleige, dødsfall – speglar i stor grad den målforma privatpersonar bruker når dei står fritt.

Den nye undersøkinga vitnar om at folk i fylket gjerne bruker nynorsk når dei kan. Ein skriftkultur treng også sterke profesjonelle miljø av språkbrukarar. Både for avis, radio og tv og Sogn og Fjordane slike redaksjonsmiljø, til dels også for bokutgiving.

I 2010 arbeidde 726 personar i dei 59 norske avisene som formelt var redigerte på nynorsk (tabell 52). Størst var Firda med 64 tilsette. Berre fem aviser hadde meir enn 30 tilsette, og over halvparten hadde færre enn ti. Miljø med mindre enn 10–12 personar blir før eller seinare for spinkle. Som andre nynorskinstitusjonar er altså mange nynorskaviser i minste laget. Sett under eitt utgjorde nynorskpressa eit mykje større miljø for språkproduksjon enn NRK.

Halvparten av medarbeidarane arbeider redaksjonelt. Kvar veke produserer desse 362 redaktørane og journalistane stoff på nynorsk som blir publisert på papir og/eller nett. Av slikt blir det mykje å lese. Nynorskavisene gir kvar veke ut over 120 nummer med meir enn 3000 avissider. Annonsar fyller om lag 30 % av desse sidene. Av dei sidene som då er att, går inntil 40 % bort i illustrasjonar. Vidare må tekst på bokmål trekkjast frå. Summen av dette trass alt nokså stødige reknestykket blir at nynorskavisene kvar veke gir lesarane minst 1150 avissider nynorsk tekst. Varsamt rekna svarar det til om lag 8600 boksider i romanformat. Gjennom eit heilt år publiserer desse avisene dermed ei tekstmengd på nynorsk som ville fylle godt over 2100 bøker. På eitt år gir norske forlag ut mindre enn 500 bøker på nynorsk.[13]

Lokalavisene er ikkje små. Dei er større enn alle andre, språkleg sett. Ei enkel undersøking tyder på at Firda dette året gir lesarane om lag 2000 heile avissider nynorsk, Sunnmørsposten 1000 og Bergens Tidende 800 sider. Utanfor offentleg forvaltning er dagsavisa Firda i dag den suverent største produsenten av nynorsk tekst.

Først i 1964 tilsette Firda den første journalisten sin.[14] Likevel hadde nynorskaviser fast tilsette medarbeidarar mykje tidlegare enn nynorskforlaga. Det Norske Samlaget hadde gitt ut bøker i 82 år då dei i 1950 tilsette sin første medarbeidar. Den generelle profesjonaliseringa gjorde at meir av stoffet blei produsert redaksjonelt eller henta frå pressebyrå. Nynorskavisene blei mindre avhengige av det lesarane hadde å melde. Etter kvart fekk det difor meir å seie kva målform dei redaksjonelle medarbeidarane brukte. Det gjorde den formelle språklinja viktigare.

I 1988 hadde NRK 116 nynorskbrukande programmedarbeidarar (tabell 53). Desse utgjorde 19 % på distriktskontora og 18 % i riksredaksjonane for radio og tv. I 2003 var det framleis 19 % nynorskbrukarar på distriktskontora, men no utgjorde dei berre 10 % i riksredaksjonane. Totalt sett utgjorde dermed nynorskbrukarane ein mykje mindre del av programmedarbeidarane i NRK i 2003 enn 15 år tidlegare.

NRK sende mange fleire programtypar i 2003, og dei hadde mange fleire program-medarbeidarar. På distriktskontora var det heile 61 % fleire medarbeidarar i redaksjonane i 2003 enn i 1998. Seks av distriktskontora hadde fleire nynorskbrukarar, men det var også seks distriktskontor som stod heilt utan nynorskbrukarar i 2003, og åtte kontor hadde seks eller færre nynorskbrukarar. Nynorske redaksjonsmiljø over den kritiske storleiken var det berre i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i 1988 så vel som i 2003.

I 2003 arbeidde godt og vel 430 personar i redaksjonane på distriktskontora i NRK. I riksredaksjonane for radio og tv arbeidde det over 870. Språkleg var desse riksredaksjonane sette i hop på heilt anna vis enn distriktskontora. Nynorskmedarbeidarane i NRK er regionaliserte på ein slik måte at over halvparten av dei arbeidde på distriktskontora.

NRK Sogn og Fjordane utgjer det største nynorskmiljøet i NRK, ikkje berre blant distriktskontora, men i heile NRK. Frå og med 2004 er dette styrkt med NRK Nynorsk

---

[13] Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no 2010, tabell 15.1.

[14] Sigurd Høst i Hans Fredrik Dahl mfl. (red.): *Norsk presses historie*, Oslo 2009, band 3, s. 357.

mediesenter som kvart år utdannar ti nynorskjournalistar for radio og tv. Denne institusjonen har på få år utvikla ei språkleg kraft som verkar langt utover fylkesgrensa.

Nynorsk blir altså meir brukt i annonsar i seinare tiår enn i 1970-åra. Samstundes utgjer annonsar ein mindre del av avisene. I 1972 fylte annonsar 46 % av dei undersøkte avissidene i Firda, I 1992 32 % og i 2012 berre 24 %.[15] Omrekna til lengdemål vil dette seie 1,0 spaltemeter i 1972, 1,6 i 1992 og 1,3 spaltemeter i 2012. Den samla annonsemarknaden har i det same tidsrommet auka svært mykje, men annonsørane bruker mange fleire kanalar enn før – Internett, radio, tv. Ingen har undersøkt kva dette gjer med annonsespråket. Sikkert er det at annonsesidene i den største avisa i fylket er med og gjer nynorsk til eit språk som kan brukast til alt.

Organisering

Om lag 95 % av nynorskbrukarane er ikkje organiserte målfolk. Begge dei to store norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag (NM) og Noregs Ungdomslag (NU), har vesentleg færre medlemer kring 2010 enn i sine velmaktsdagar, men det ser ut til at dei har greidd å etablere seg på eit nivå der NM har vel 10 000 medlemer og NU vel 16 000 medlemer.

Medlemsorganisasjonane har til dels ulike regionale profilar, men står sterkare på Austlandet enn omfanget av nynorskbrukarar der tilseier. Både NM og NU fekk raskt mange medlemer etter at dei var blitt skipa i 1906 og 1896.. Sidan har NM halde det jamnaste nivået. NU nådde nok vidare ut og har på det meste hatt opp mot 50 000 medlemmer. Medlemstalet er blitt meir enn halvert i etterkrigstida, men NU er enno ein stor ungdomsorganisasjon.

Den regionale krafta som pregar den nynorske skriftkulturen generelt, er mindre tydeleg i norskdomsorganisasjonane. Den organiserte målrørsla jamnar såleis ut andre tendensar i utviklinga av den nynorske skriftkulturen, og stabiliserer situasjonen. Organiserte målfolk er spreidde over heile landet. Samstundes er det tydeleg at ein større del av medlemene deira no kjem frå Vestlandet enn før, særleg i Noregs Ungdomslag (tabell 56 og 57). Det seier mykje om kvar grunnfjellet er å finne.

Tingartala for Syn og Segn i tabell 50 er lik medlemstala for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget. Samlaget har nesten like mange medlemer i Sogn og Fjordane (6 %) som Noregs Mållag (7 %), men klart færre enn Noregs Ungdomslag (9 %). Dei eldste opplysningane om dette er frå åra 1880-85. I gjennomsnitt kom då 9 % av medlemene i Samlaget frå Sogn og Fjordane.[16] Det vitnar om at målsaka tidleg vann fotfeste her.

Ivar Aasen-året 1996 hadde eit klart tyngdepunkt på Vestlandet.[17] Av 1030 arrangement blei 48 % avvikla på Vestlandet. Kvart tiande arrangement blei gjennomført i Sogn og Fjordane. Det var mykje meir enn folketal og medlemstal i norskdomsorganisasjonane skulle tilseie.

Alt før Ivar Aasen døydde, var likevel eit tyngdepunkt i norskdomsrørsla på veg vestover. Det geografiske tyngdepunktet i målrørsla flytta seg vestover frå Austlandet alt i 1880-åra. Størst var aktiviteten i Hordaland. Like sidan 1880-åra har Telemark og Vestlandet nord for Rogaland vore kjerneområda for målrørsla. 1900-talet har vore prega av ei rørsle sørover frå Nord-Noreg, vestover frå Austlandet, nordover frå Sørvestlandet.

Mange av desse pilene peikar mot Sogn og Fjordane.

---

[15] I den store undersøkinga av tekstproduksjon var det ut frå normtal i avisbransjen rekna med ein større prosentdel annonsar. Det kan innebere at ei avisa som Firda produserer endå meir nynorsk tekst enn tala i tabell 52 tilseier.

[16] Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 19.5.

[17] Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 19.7.

Sogn og Fjordane i nynorsk kulturhistorie: nokre hendingar

I 1646 gir presten Christen Jensøn i Askvoll ut *Den norske Dictionarium eller Glosebog* med om lag tusen oppslagsord frå Sunnfjord. Dette er den eldste norske trykksaka på bygdemål.
29.9.1842 legg Ivar Aasen ut på si første språklege innsamlingsreise, den såkalla langferda, frå Ekset, med første overnatting på Naustdal ved Nordfjordeid. Denne delen av innsamlingsarbeidet hans varer i 26 år.

27.2.1874 kjem første nummeret av Nordre Bergenhus Amtstidende ut i Florø. Dette er den første avisa i fylket. Avisa er redigert på bokmål (dansk). Siste nummeret kjem i 1930. Den 10.7.1874 kjem første nummeret av Fjordenes Tidende. Avisa skiftar i 1920 namn til Fjordabladet.

I 1882 blir det første lærarkurset i landsmål i Noreg halde ved Sogndal folkehøgskule med Andreas Austlid i spissen for lærekreftene. Det er vedtaket frå 1878 om at elevane skulle kunne bruke heimemålet sitt i allmugeskulen som gjer at lærarane må utvide språkkunnskapane sine.

23.9.1884 vedtek lærarar på eit fylkesmøte i Sogn og Fjordane den såkalla Vadheims-resolusjonen, der dei krev jamstelling mellom dei to målformene i skule og forvaltning. Fram til 1.6.1885 kjem det bort imot 50 slike vedtak frå heile landet.

25.3.1885 blir landsmål for første gong nytta i ein annonse frå det offentlege. Det er Ivar Høyem, formann i Bremanger skulekommisjon, som lyser ut ein lærarpost i *Norsk Kundgjørelsestidende*.

I 1886 kjem Mons Litleré i gang med Norskmaalets bokhandel i Naustdal, flyttar seinare til Bergen med sitt Mons Litlerés Forlag. Den første boka gir han ut i september same året: *Forteljingar*, ein antologi. Han gir i alt ut 80 boktitlar på landsmål i tillegg til om lag 35 andre før drifta stansar i 1895.

I 1887 gir Mons Litleré ut første nummeret av Firda og Sygnafylkets Avis i Naustdal. I 1890 flyttar han avisredaksjonen til Bergen. Siste nummeret kjem i 1893. I denne avisa legg Arne Garborg i ein artikkel 3.1.1891 fram ideen om å skipe eit nynorsk teater.

I 1891 gir Ola Johannesen Vik i Bremangerpollen ut første nummeret av bladet Forteljaren. Dette er det første landsmålsbladet i fylket. Suste nummeret kjem i 1892.

24.2.1896 fører Fjaler heradstyre som det første i fylket møteboka på landsmål.

1.4.1899 blir Firda Mållag skipa i Florø. Initiativtakar Elias Melvær blir vald til formann.

24.9.1899 røystar eit fleirtal i Fresvik sokn i dåverande Leikanger kommune for at Blix-salmane skal takast i bruk. Dette er den første folkerøystinga i Sogn og Fjordane om Blix-salmane.

31.12.1900 vedtek Lavik skulestyre i dåverande Lavik kommune å innføre landsmål som opplæringsspråk og blir med det den første kommunen i fylket som gjer dette.
1.6.1901 skriv Anders Lothe norskstil på landsmål ved mellomskuleeksamen ved Hans Tanks

skole i Bergen. Lothe blir nekta sensur, men Kirkedepartementet pålegg skulen å gi han karakter, samstundes som Lothe skal skrive ein tilleggsstil på bokmål. Lothe blir seinare stortingsmann. Same året skriv Albert Joleik som den første landsmål ved embetseksamen ved Universitetet i Kristiania, sju år før dette blei lovleg, og er nær ved å stryke av den grunn.

9.2.1913 røystar 39 for og 10 mot at liturgien i Loen kyrkje skal vere på landsmål. Dei to neste søndagane røystar eit fleirtal i kyrkjelydane i Stryn og Oppstryn for det same.

25.6.1916 vedtek Sogn og Fjordane fylkesting å be kommunestyra avgjere om ruteheftet for Fylkesbaatarne i Sogn og Fjordane skal prentast på landsmål. Den 27.9.1920 melder Gula Tidend at selskapet har gått over til å prente båtrutene sine på landsmål.

5.1.1921 skiftar avisa Firda i Førde frå riksmål til landsmål som redaksjonsspråk. Avisa var blitt stifta i 1917. Dette er i dag den einaste nynorske dagsavisa.

17.10.1921 vedtek Gaular kommune som den første i fylket at staten skal bruke landsmål i all korrespondanse med kommunen. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer same vedtaket i 1922.

I 1931 prentar Jul i Sunnfjord «Julekveld» (Det lyser i stille grenser) av Jakob Sande. Lars Søraas lagar tonen i 1948.

17.11.1950 kjem første heftet av *Norsk Ordbok* på Det Norske Samlaget, til hundreårsjubileet for førsteutgåva av Aasens ordbok. Språkforskaren Alf Hellevik frå Fjaler er hovudredaktør. Første bandet er komplett i 1966, og tolvte og siste bandet kjem i 2014.

Hausten 1969 tek Sylfest Lomheim til som første nynorsktalande programmedarbeidar i *Sportsrevyen* på NRK TV. I 1972 blir Henning Rivedal den første som leier *Sportsrevyen* på nynorsk.

28.10.1977 opnar Sogn og Fjordane Teater med framsyninga *Dei siste maksveringar* av Rolf Losnegård. I prøveperioden fram til 1980 er teatret allmøtestyrt. Frå 1.1.1980 tek Sogn og Fjordane fylke og Førde kommune over drifta av Sogn og Fjordane Teater, med Anne Gullestad som første teatersjefen.

I 1993 gir Forlaget Skald på Leikanger ut den første boka si, og i 1996 følgjer Selja Forlag i Førde etter med si første bok.

3.12.2001 er det premiere på programposten «Radio Røynda» i *Norgesglasset*, NRK P1. Det som skulle vere ein adventsserie i 15 delar av Finn Tokvam, blir ein fast programpost der Halvor Folgerø og Odd-Erik Lothe etter kvart kjem med.

2.9.2004 opnar statsråd Valgerd Svarstad Haugland NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Tidlegare distriktsprogramsjef Magni Øvrebotten er dagleg leiar; ho blei tilsett 3.3.2004.

7.12.2011 held Sogn og Fjordane fylkeskommune eit første drøftingsmøte i Førde om å skipe eit Nynorsk Forum for Sogn og Fjordane.

Tabell 1
Nynorsk språkbarometer 2011
Tal frå 2011 når ikkje anna er oppgitt

Sogn og Fjordane		%	Noreg	
100 % av kommunane har NN tenestemål	–	100		
99 % av kyrkjesokna bruker NN liturgi (2009)	–		–	99 % kan lese og skrive (2007)
97 % av elevane i grunnskulen har NN som opplæringsspråk	–			
I 96 % av kommunane har meir enn 90 % av elevane i grunnskulen NN som opplæringsspråk.	▲	95		
90 % av nynorskelevane i vidaregåande skule liker godt eller svært godt å skrive NN (2010)		90		
88 % av avisene er redigerte på NN	▲			
84 % av elevane i vidaregåande skule har NN som opplæringsspråk	–	85	▲	88 % av NN-elevane bur på Vestlandet (2008)
82 % av dei vernepliktige bruker NN (2010)	–	80		
			–	76 % av NN-elevane bur i NN-kommunar (2008)
73 % meiner at riksavisene bør bruke meir NN (2006)		75	▲	75 % av kyrkjesokna på Vestlandet bruker NN
68 % av ann0onsane i Firda er på nynorsk		70		
		65		
58 % av dei vaksne skriv som regel NN privat (2005)		60		
58 % meiner at alle bør lære å lese og skrive både NN og BM (2008)		55		53 % av NN-elevane liker i liten grad å lese NN (2006)
		50		
		45		
		40	–	39 % av kommunane har NN-elevar i grunnskulen (2008)
		35		
		30	–	30 % av kyrkjesokna bruker NN liturgi
				29 % meiner at riksavisene bør bruke meir NN (2008)
			–	29 % av avisene er redigerte på NN eller begge målformer (2010)
				27 % meiner at elevane skal lære å lese og skrive både BM og NN (2008)
		25	–	27 % av kommunane bruker NN tenestemål
		20	▼	I 22 % av kommunane bruker minst 90 % av elevane NN
		15	▲	13 % av avisopplaget er redigert på NN eller begge målformer (2008)
			–	13 % skriv som regel NN eller begge målformer privat (2005)
			▼	13 % av elevane i grunnskulen bruker NN
10 % av alle arrangement i Ivar Aasen-året 1996		10	–	11 % bur i NN-kommunar
9 % av medlemene i Noregs Ungdomslag	▲		–	
7 % av medlemene i Noregs Mållag	–		▼	7 % av alle vernepliktige bruker NN (2010)
6 % av dei som abonnerer på Dag og Tid	–		▼	7 % av elevane i vidaregåande skular bruker NN
		5	–	6 % av nye bøker frå norske forlag er på NN (2008)
		0		

Merknad

Vurdering av stiganbe eller fallande tendens byggjer på utviklinga det siste tiåret

Kjelder

Tabellar i Språkfakta 2010 og Nynorsk faktabok 2005

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane

Sist oppdatert 5.5.2012

Tabell 2
Regionale trekk ved nynorsk skriftkultur 1910-2010

Prosent

	1910	1930	1950	1970	1990	2010
OFFENTLEG SKRIFT Kommunar med nynorsk tenestemål						
Noreg		32 [31]	39	22	25	26
Vestlandet		67 [33]	81	80	71	76
Rogaland		40 [33]	69	23	35	42
Hordaland		88 [33]	91	76	91	91
Sogn og Fjordane		**87** [33]	**95**	**88**	**96**	**100**
Møre og Romsdal		60 [33]	58	23	61	64
OFFENTLEG TALE Kyrkjesokn med nynorsk liturgi						
Noreg	15	22 [31]	31 [49]		29 [96]	30
Vestlandet		47 [37]	68 [49]		72 [96]	75
Rogaland		9 [33]	18 [49]		36 [96]	42
Hordaland		51 [33]	84 [49]		76 [96]	76
Sogn og Fjordane		**64** [33]	**100** [49]		**99** [96]	**99**
Møre og Romsdal		45 [33]	61 [49]		74 [96]	71
PRIVAT SKRIFT Elevar med nynorsk i grunnskulen						
Noreg	13	20	30	18	17	13
Vestlandet	18	47 [25]	65 [47]	50 [71]	50 [87]	42
Rogaland	20	60	73 [51]	31 [71]	31 [89]	25
Hordaland	52	69	79 [51]	47 [71]	49 [89]	40
Sogn og Fjordane	**59**	**92**	**98** [51]	**95** [71]	**96** [89]	**97**
Møre og Romsdal	38	67	92 [51]	59 [71]	59 [89]	53
PRIVAT TALE						
Ingen data er tilgjengelege for noko lengre tidsrom						

Merknad

For avvikande år er nøyaktig årstal oppgitt med heva skrift

Bergen er rekna med i Hordaland for alle åra

Kjelder

Nynorsk faktabok 1998

Nynorsk faktabok 2005

Språkfakta 2010

Ottar Grepstad: Avisene som utvida Noreg, 2010

Språkfakta Sogn og Fjordane

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane *Sist oppdatert 25.3.2012*

Tabell 3

Elevar i grunnskulen etter kommune, årssteg og målform 1992-2012

Absolutte tal

			1		2		3		4		5		6		7		8		9		10		Sum		Gutar		Jenter	
		Skular	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Fylket	2011-12	152	1333	44	1355	33	1391	15	1321	24	1390	14	1406	55	1417	28	1419	42	1452	56	1522	73	14006	384	7158	198	6848	186
	2002-03	181	1546	42	1436	46	1539	47	1449	34	1513	40	1496	41	1535	70	1464	57	1428	56	1606	122	15012	555	7807	317	7205	238
	1992-93	158	0	0	1305	69	1382	70	1273	74	1352	64	1310	69	1420	89	1458	0	1422	0	1443	0	12365	435	6236	219	6129	216
Nordfjord Ytre																												
Bremanger	2011-12	7	36	0	57	0	48	0	47	0	46	0	46	0	55	0	59	0	60	1	48	0	502	1	269	0	233	1
	2002-03	8	48	0	62	0	51	0	41	0	46	0	45	0	46	0	49	0	47	0	79	8	514	8	285	7	229	1
	1992-93	7	0	0	40	0	41	0	39	0	51	0	51	0	61	0	58	0	63	0	70	0	474	0	233	0	241	0
Selje	2011-12	5	22	0	37	0	36	1	29	0	34	0	39	1	41	0	40	0	48	1	50	1	376	4	178	2	198	2
	2002-03	5	52	0	42	0	50	0	37	0	44	0	44	0	36	0	38	0	54	0	47	4	444	4	213	2	231	2
	1992-93	5	0	0	43	0	52	0	48	0	45	0	48	0	51	0	49	0	50	0	53	0	439	0	217	0	222	0
Vågsøy	2011-12	7	44	31	69	13	64	10	51	18	57	11	49	33	65	7	68	8	63	20	53	22	583	173	312	97	271	76
	2002-03	10	57	22	61	24	69	27	52	14	67	22	62	20	73	30	65	15	64	15	54	14	624	203	357	113	267	90
	1992-93	12	0	0	60	22	79	23	55	17	63	25	58	26	70	20	83	0	91	0	70	0	629	133	318	69	311	64
Nordfjord Indre																												
Eid	2011-12	7	80	0	79	0	75	0	66	0	73	0	96	0	95	1	86	3	80	4	87	3	817	11	394	6	423	5
	2002-03	7	83	0	92	0	75	0	86	0	98	0	90	1	84	5	86	2	85	1	87	3	866	12	448	7	418	5
	1992-93	6	0	0	93	0	87	0	90	0	82	0	99	0	76	0	84	0	85	0	90	0	786	0	369	0	417	0
Gloppen	2011-12	6	62	0	95	0	78	0	62	0	79	0	73	0	78	0	59	2	75	0	108	1	769	3	394	0	375	3
	2002-03	10	110	0	68	0	80	0	80	0	79	0	99	0	79	0	92	1	76	0	80	2	843	3	437	2	406	1
	1992-93	11	0	0	86	0	70	0	71	0	93	0	86	0	112	0	93	0	73	0	94	0	778	0	386	0	392	0
Hornindal	2011-12	2	12	0	12	0	21	0	17	1	19	0	15	0	21	0	23	2	17	0	17	0	174	3	93	0	81	3
	2002-03	2	17	0	13	0	26	0	17	0	26	0	17	0	21	0	19	0	11	0	15	0	182	0	94	0	88	0

		Skular	1		2		3		4		5		6		7		8		9		10		Sum		Gutar		Jenter	
			NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
	1992-93	1	0	0	13	0	20	0	16	0	12	0	18	0	23	0	16	0	21	0	14	0	153	0	86	0	67	0
Stryn	2011-12	11	91	1	82	0	106	1	89	2	93	2	91	0	82	0	98	2	102	2	108	3	942	13	450	7	492	6
	2002-03	12	100	0	80	0	86	0	108	0	104	0	89	0	85	0	101	2	95	2	105	3	953	7	500	4	453	3
	1992-93	12	0	0	73	0	97	0	76	0	88	0	76	0	94	0	97	0	96	0	91	0	788	0	392	0	396	0
Sunnfjord Ytre																												
Askvoll	2011-12	6	26	0	29	0	23	0	32	0	38	0	36	0	27	0	35	0	38	0	54	0	338	0	164	0	174	0
	2002-03	8	52	0	39	0	35	0	60	0	40	0	44	0	47	0	47	0	50	0	65	3	479	3	238	2	241	1
	1992-93	8	0	0	44	0	53	0	35	0	40	0	54	0	53	0	51	0	46	0	43	0	419	0	216	0	203	0
Fjaler	2011-12	6	37	0	33	1	43	0	26	2	38	0	23	0	26	1	19	4	31	4	40	1	316	13	159	4	157	9
	2002-03	7	40	0	31	0	32	0	44	0	39	0	33	0	57	3	44	0	41	0	34	2	395	5	203	4	192	1
	1992-93	7	0	0	29	0	42	0	28	0	44	0	35	0	37	0	33	0	43	0	41	0	332	0	159	0	173	0
Flora	2011-12	11	135	12	128	19	159	0	155	0	166	0	136	15	168	16	173	12	153	13	174	17	1547	104	778	55	769	49
	2002-03	17	175	20	153	22	182	20	157	20	144	18	141	20	160	28	145	31	134	31	142	31	1533	241	806	126	727	115
	1992-93	14	0	0	89	47	123	47	97	57	76	39	86	43	98	69	165	0	142	0	122	0	998	302	509	150	489	152
Sunnfjord Indre																												
Førde	2011-12	11	168	0	183	0	178	0	179	0	170	0	201	0	152	0	168	0	183	0	172	3	1754	3	913	2	841	1
	2002-03	12	175	0	179	0	174	0	169	0	196	0	167	0	192	0	148	2	183	3	160	9	1743	14	915	9	828	5
	1992-93	8	0	0	155	0	128	0	122	0	145	0	137	0	128	0	132	0	120	0	120	0	1187	0	607	0	580	0
Gaular	2011-12	4	46	0	46	0	37	0	34	0	34	0	34	0	40	1	41	0	40	0	40	2	392	3	222	0	170	3
	2002-03	4	36	0	39	0	49	0	35	0	51	0	44	0	54	0	38	0	35	0	36	0	417	0	203	0	214	0
	1992-93	3	0	0	43	0	35	0	36	0	47	0	51	0	44	0	38	0	43	0	36	0	373	0	200	0	173	0
Jølster	2011-12	4	53	0	38	0	36	0	40	0	40	0	51	0	52	0	41	0	37	0	49	2	437	2	237	1	200	1
	2002-03	5	48	0	35	0	37	0	50	0	44	0	49	0	44	0	54	0	37	0	44	2	442	2	213	1	229	1
	1992-93	2	0	0	39	0	41	0	46	0	35	0	45	0	35	0	44	0	46	0	36	0	367	0	178	0	189	0

		Skular	1		2		3		4		5		6		7		8		9		10		Sum		Gutar		Jenter	
			NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Naustdal	2011-12	5	42	0	43	0	35	0	30	0	33	0	30	0	39	0	38	0	43	0	30	0	363	0	198	0	165	0
	2002-03	5	33	0	31	0	44	0	39	0	35	0	41	0	34	0	42	0	44	0	42	4	385	4	209	3	176	1
	1992-93	5	0	0	42	0	30	0	42	0	43	0	48	0	52	0	32	0	41	0	46	0	376	0	196	0	180	0
Sogn Ytre																												
Gulen	2011-12	5	22	0	30	0	32	1	30	0	24	0	33	0	23	0	35	3	33	0	31	2	293	6	137	2	156	4
	2002-03	5	34	0	35	0	35	0	23	0	25	0	39	0	41	0	34	0	30	0	73	6	369	6	197	6	172	0
	1992-93	5	0	0	39	0	28	0	42	0	35	0	33	0	31	0	28	0	28	0	39	0	303	0	160	0	143	0
Hyllestad	2011-12	2	15	0	13	0	22	0	20	0	22	0	23	0	21	1	20	0	22	0	18	0	196	1	96	0	100	1
	2002-03	3	18	0	15	0	27	0	16	0	25	0	18	0	13	0	24	0	17	0	30	2	203	2	113	2	90	0
	1992-93	3	0	0	8	0	16	0	15	0	12	0	14	0	14	0	22	0	18	0	23	0	142	0	77	0	65	0
Solund	2011-12	3	11	0	11	0	8	0	12	0	11	0	12	0	3	0	9	0	12	0	10	0	99	0	49	0	50	0
	2002-03	3	8	0	9	0	11	0	8	0	16	0	6	0	13	0	17	0	11	0	18	1	117	1	60	1	57	0
	1992-93	3	0	0	11	0	12	0	13	0	15	0	7	0	14	0	19	0	13	0	14	0	118	0	58	0	60	0
Sogn Indre																												
Aurland	2011-12	3	18	0	21	0	13	0	22	0	20	0	19	0	25	0	15	0	11	0	26	3	190	3	87	2	103	1
	2002-03	6	31	0	21	0	22	0	25	0	29	0	28	0	37	3	29	0	31	0	25	0	278	3	148	2	130	1
	1992-93	5	0	0	22	0	24	0	22	0	15	0	23	0	21	0	23	0	22	0	31	0	203	0	106	0	97	0
Balestrand	2011-12	4	14	0	16	0	15	0	10	0	16	0	14	0	21	0	18	0	20	0	14	0	158	0	84	0	74	0
	2002-03	4	18	0	21	0	25	0	26	0	22	0	21	0	23	0	21	0	15	0	20	1	212	1	115	1	97	0
	1992-93	5	0	0	22	0	19	0	25	0	28	0	16	0	24	0	31	0	19	0	16	0	200	0	95	0	105	0
Høyanger	2011-12	6	61	0	43	0	52	0	62	0	56	0	62	0	72	0	57	0	64	0	58	0	587	0	302	0	285	0
	2002-03	8	55	0	73	0	67	0	54	0	57	0	62	0	76	1	57	1	62	1	51	6	614	9	317	6	297	3
	1992-93	9	0	0	65	0	57	0	51	0	80	0	42	0	64	0	52	0	49	0	67	0	527	0	254	0	273	0
Leikanger	2011-12	3	35	0	27	0	27	0	33	0	50	0	29	0	29	0	22	0	26	0	26	1	304	1	153	1	151	0
	2002-03	3	27	0	32	0	33	0	32	0	25	0	28	0	31	0	27	0	30	0	45	2	310	2	164	2	146	0
	1992-93	2	0	0	33	0	38	0	39	0	22	0	22	0	43	0	25	0	26	0	37	0	285	0	140	0	145	0

		Skular	1		2		3		4		5		6		7		8		9		10		Sum		Gutar		Jenter	
			NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Luster	2011-12	12	69	0	62	0	70	1	61	0	59	0	72	4	68	1	67	0	63	3	79	4	670	13	343	8	327	5
	2002-03	13	86	0	70	0	73	0	63	0	64	0	84	0	70	0	74	0	71	1	79	5	734	6	371	4	363	2
	1992-93	10	0	0	53	0	76	0	48	0	71	0	55	0	62	0	55	0	62	0	51	0	533	0	267	0	266	0
Lærdal	2011-12	5	27	0	23	0	25	1	28	1	25	1	25	1	20	0	39	2	35	1	25	1	272	8	150	4	122	4
	2002-03	5	26	0	32	0	31	0	30	0	34	0	20	0	28	0	29	0	30	0	32	3	292	3	158	2	134	1
	1992-93	3	0	0	25	0	27	0	29	0	29	0	25	0	23	0	25	0	25	0	27	0	235	0	129	0	106	0
Sogndal	2011-12	6	107	0	94	0	98	0	94	0	96	0	94	1	87	0	92	4	88	5	85	5	935	15	475	7	460	8
	2002-03	6	97	0	87	0	108	0	98	0	94	0	109	0	84	0	92	3	82	2	96	4	947	9	491	6	456	3
	1992-93	4	0	0	82	0	67	0	90	0	81	0	85	0	70	0	98	0	92	0	93	0	758	0	417	0	341	0
Vik	2011-12	6	29	0	26	0	33	0	33	0	28	0	33	0	27	0	32	0	32	1	45	0	318	1	152	0	166	1
	2002-03	6	41	0	40	0	32	0	31	0	40	0	46	0	37	0	33	0	31	0	63	3	394	3	186	2	208	1
	1992-93	5	0	0	35	0	40	0	36	0	32	0	28	0	37	0	35	0	41	0	40	0	324	0	170	0	154	0
Årdal	2011-12	3	64	0	53	0	51	0	49	0	60	0	62	0	73	0	65	0	76	1	75	1	628	2	342	0	286	2
	2002-03	3	77	0	72	0	83	0	67	0	63	0	66	0	70	0	59	0	62	0	84	4	703	4	354	3	349	1
	1992-93	3	0	0	61	0	80	0	62	0	68	0	68	0	83	0	70	0	67	0	79	0	638	0	297	0	341	0

Merknad

I 1992-93 var 2. klasse lik 1. klasse fordi tiårig skule blei innført seinare.

Kjelde

Grunnskolens Informasjonssystem (GSI), lesedato 14.3.2012

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane

Sist oppdatert 14.3.2012

Tabell 4
Bokmåls- og nynorskelevar i grunnskulen etter kommune 2001-2012
Absolutte tal og prosent

	2001/02					2011/12					+/- 2011-01	
	Skular	BM	NN	% BM	% NN	Skular	BM	NN	% BM	% NN	Tal	%
Noreg	3933	510667	89235	*85,1*	*14,9*	3487	532603	78794	*87,1*	*12,9*	-10441	*-11,7*
Vestlandet	1189	89780	76668	*53,9*	*46,1*	1035	98162	69834	*58,4*	*41,6*	-6834	*-8,9*
Sogn og Fjordane	**185**	**557**	**14768**	***3,6***	***96,4***	**150**	**384**	**14006**	***2,7***	***97,3***	**-762**	***-5,2***
Askvoll	8	3	466	*0,6*	*99,4*	6	0	338	*0,0*	*100,0*	-128	*-27,5*
Aurland	6	2	257	*0,8*	*99,2*	3	3	190	*1,6*	*98,4*	-67	*-26,1*
Balestrand	4	4	219	*1,8*	*98,2*	4	0	158	*0,0*	*100,0*	-61	*-27,9*
Bremanger	8	7	520	*1,3*	*98,7*	7	1	502	*0,2*	*99,8*	-18	*-3,5*
Eid	7	9	863	*1,0*	*99,0*	7	11	817	*1,3*	*98,7*	-46	*-5,3*
Fjaler	7	11	375	*2,8*	*97,2*	6	13	316	*4,0*	*96,0*	-59	*-15,7*
Flora	17	248	1470	*14,4*	*85,6*	11	104	1547	*6,3*	*93,7*	77	*5,2*
Førde	12	8	1709	*0,5*	*99,5*	11	3	1754	*0,2*	*99,8*	45	*2,6*
Gaular	4	3	429	*0,7*	*99,3*	4	3	392	*0,8*	*99,2*	-37	*-8,6*
Gloppen	10	2	794	*0,3*	*99,7*	6	3	769	*0,4*	*99,6*	-25	*-3,1*
Gulen	5	4	360	*1,1*	*98,9*	5	6	293	*2,0*	*98,0*	-67	*-18,6*
Hornindal	2	1	194	*0,5*	*99,5*	2	3	174	*1,7*	*98,3*	-20	*-10,3*
Hyllestad	6	0	206	*0,0*	*100,0*	2	1	196	*0,5*	*99,5*	-10	*-4,9*
Høyanger	8	11	607	*1,8*	*98,2*	6	0	587	*0,0*	*100,0*	-20	*-3,3*
Jølster	4	2	428	*0,5*	*99,5*	3	2	437	*0,5*	*99,5*	9	*2,1*
Leikanger	3	3	312	*1,0*	*99,0*	3	1	304	*0,3*	*99,7*	-8	*-2,6*
Luster	13	6	721	*0,8*	*99,2*	12	13	670	*1,9*	*98,1*	-51	*-7,1*
Lærdal	5	2	294	*0,7*	*99,3*	5	8	272	*2,9*	*97,1*	-22	*-7,5*
Naustdal	5	32	358	*8,2*	*91,8*	5	0	363	*0,0*	*100,0*	5	*1,4*
Selje	5	4	422	*0,9*	*99,1*	5	4	376	*1,1*	*98,9*	-46	*-10,9*
Sogndal	6	9	917	*1,0*	*99,0*	6	15	935	*1,6*	*98,4*	18	*2,0*
Solund	3	1	124	*0,8*	*99,2*	3	0	99	*0,0*	*100,0*	-25	*-20,2*
Stryn	12	3	952	*0,3*	*99,7*	10	13	942	*1,4*	*98,6*	-10	*-1,1*
Vik	6	0	407	*0,0*	*100,0*	6	1	318	*0,3*	*99,7*	-89	*-21,9*
Vågsøy	14	179	664	*21,2*	*78,8*	7	173	583	*22,9*	*77,1*	-81	*-12,2*
Årdal	3	3	699	*0,4*	*99,6*	3	2	628	*0,3*	*99,7*	-71	*-10,2*

Merknader

Endring i talet på nynorskelevar frå 2001 til 2011 er rekna ut på grunnlag av talet på nynorskelevar 2001/02

Resultat folkerøystingar frå perioden 2001-2010

Prosenttal er fargemerka der det var meir enn 20 nynorskelevar i 2001/02

Kjelder

Grunnskolens informasjonssystem (GSI), lesedato 18.12.2011

Ottar Grepstad: Språkfakta 2010 med seinare tillegg

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane

Sist oppdatert 18.12.2011

Tabell 5
Elevar i grunnskulen etter kommune og målform 1993-2012

	1993-94				1998-99				2003-04				2008-09				2011-12			
Kommune	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN
SOGN OG FJORDANE	**158**	**336**	**12540**	*97*	**151**	**593**	**14315**	*96*	**142**	**546**	**15071**	*97*	**128**	**425**	**14376**	*97*	**152**	**384**	**14006**	*97*
NORDFJORD																				
Ytre																				
Bremanger	7	0	460	*100*	7	8	474	*98*	7	7	512	*99*	6	3	517	*99*	7	1	502	*100*
Selje	5	1	424	*100*	4	1	446	*100*	4	6	458	*99*	4	3	414	*99*	5	4	376	*99*
Vågsøy	12	141	634	*82*	11	149	701	*82*	6	215	617	*74*	6	191	587	*75*	7	173	583	*77*
Indre																				
Eid	6	5	771	*99*	6	3	891	*100*	6	8	875	*99*	6	11	841	*99*	7	11	817	*99*
Gloppen	11	6	748	*99*	10	56	739	*93*	9	1	838	*100*	9	4	747	*99*	6	3	769	*100*
Hornindal	1	0	161	*100*	1	0	184	*100*	1	0	191	*100*	1	0	193	*100*	2	3	174	*98*
Stryn	12	2	843	*100*	11	2	932	*100*	11	8	970	*99*	10	7	958	*99*	11	13	942	*99*
SUNNFJORD																				
Ytre																				
Askvoll	8	0	422	*100*	7	0	459	*100*	7	5	452	*99*	5	3	368	*99*	6	0	338	*100*
Fjaler	7	1	322	*100*	7	2	373	*99*	6	8	388	*98*	5	10	312	*97*	6	13	316	*96*
Flora	14	159	1152	*88*	15	256	1364	*84*	15	226	1559	*87*	12	132	1630	*93*	11	104	1547	*94*
Indre																				
Førde	8	1	1193	*100*	10	7	1613	*100*	10	10	1761	*99*	10	12	1737	*99*	11	3	1754	*100*
Gaular	3	0	387	*100*	3	2	418	*100*	3	0	418	*100*	3	1	368	*100*	4	3	392	*99*
Jølster	2	0	366	*100*	2	4	418	*99*	2	0	441	*100*	2	0	448	*100*	4	2	437	*100*
Naustdal	5	0	371	*100*	5	1	388	*100*	4	4	390	*99*	4	3	371	*99*	5	0	363	*100*

Kommune	1993-94				1998-99				2003-04				2008-09				2011-12			
	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN	Skular	BM	NN	% NN
SOGN																				
Ytre																				
Gulen	5	2	291	*99*	4	86	260	*75*	4	7	362	*98*	4	7	310	*98*	5	6	293	*98*
Hyllestad	3	0	173	*100*	3	0	204	*100*	1	3	201	*99*	1	0	204	*100*	2	1	196	*99*
Solund	3	0	129	*100*	3	1	140	*99*	2	1	122	*99*	2	1	101	*99*	3	0	99	*100*
Indre																				
Aurland	5	0	205	*100*	5	2	256	*99*	5	2	270	*99*	2	1	206	*100*	3	3	190	*98*
Balestrand	4	4	209	*98*	4	4	233	*98*	3	2	226	*99*	3	1	191	*99*	4	0	158	*100*
Høyanger	9	0	506	*100*	7	4	570	*99*	7	3	627	*100*	5	4	613	*99*	6	0	587	*100*
Leikanger	2	1	279	*100*	2	0	330	*100*	2	2	289	*99*	2	0	304	*100*	3	1	304	*100*
Luster	10	1	545	*100*	10	0	708	*100*	10	4	720	*99*	9	9	660	*99*	12	13	670	*98*
Lærdal	3	0	247	*100*	3	1	288	*100*	3	4	304	*99*	3	0	298	*100*	5	8	272	*97*
Sogndal	4	6	746	*99*	4	2	857	*100*	5	15	959	*98*	5	15	936	*98*	5	15	935	*98*
Vik	5	0	336	*100*	5	0	416	*100*	5	0	383	*100*	5	0	336	*100*	6	1	318	*100*
Årdal	3	6	620	*99*	2	2	653	*100*	2	5	710	*99*	2	1	689	*100*	3	2	628	*100*

Merknader

Kommunestrukturen for skuleåret 2008-09 er i kjeldematerialet også brukt for dei tidlegare åra.

Feilføring i GSI av elevars målform i Jondal skuleåret 1998/99 er retta

Kjelder

Grunnskolens Informasjonssystem (GSI), lesedato 10.3.2012

Standard for økonomiske regioner. Rapport 99/8. SSB 1999

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane

Sist oppdatert 16.3.2012

Tabell 6
Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1910-1947

	1910		1915		1920		1925		1930		1935		1938		1942		1947	
	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Østfold	0	24992	0	25652	0	25403	0	24924	0	23752	0	21509	0	19265	0	16523	0	15831
Akershus	0	20045	0	21774	0	24487	0	27186	0	31047	0	29700	0	28312	0	24813	0	14986
Oslo	0	16024	0	28917	0	25384	0	23027	0	22253	0	19056	0	16806	0	14076	0	24246
Hedmark	300	22035	260	22422	540	22927	570	24313	750	25101	594	23756	596	22017	579	18898	557	16260
Oppland	1130	18815	1740	18002	2370	17306	2670	17565	2937	17911	3232	16857	4010	14954	7101	9883	6783	9147
Buskerud	0	19960	0	20774	180	21458	200	21743	303	20926	381	18373	388	16014	1389	12202	1170	11424
Vestfold	0	16490	0	16659	0	17407	0	18709	0	19195	0	16330	0	14456	0	13326	0	13336
Telemark	4260	12789	4550	12776	5980	12625	6380	13196	6271	12814	5118	11172	4662	9461	4115	7460	3931	7223
Aust-Agder	2750	9408	2850	8537	3170	7664	3080	7624	3379	7537	2928	6301	2585	5668	2186	5222	2099	5086
Vest-Agder	1610	11070	1520	10845	2880	8435	2610	9187	2861	9083	2685	8229	2426	7744	2955	6214	2794	5266
Rogaland	2750	19715	3960	20152	7480	19184	7980	18724	9619	17690	8961	14599	8794	13585	11287	9343	10488	9900
Hordaland	12280	21280	12040	22237	14860	19392	16000	20352	17663	20266	17028	17032	17521	14828	17439	12209	16506	12785
Sogn og Fjordane	**8520**	**6154**	**9060**	**5487**	**12270**	**1646**	**11820**	**1370**	**11887**	**1213**	**11291**	**1074**	**11086**	**895**	**10891**	**540**	**9851**	**531**
Møre og Romsdal	7380	16151	8450	15714	11700	11797	11680	12313	13305	11642	12394	10361	13066	8485	15411	3841	14446	3896
Sør-Trøndelag	50	22628	50	23873	1680	22602	1950	23447	2005	23405	1735	21661	2636	19032	5404	13465	5116	12727
Nord-Trøndelag	4790	8669	2640	10689	4390	8968	4940	9116	5351	9025	4590	9217	5048	7802	7199	4389	6897	4188
Nordland	1300	27645	1450	27814	1720	27653	1850	27681	1882	28429	1981	27045	2334	26017	7255	18434	6516	18958
Troms	70	13843	50	14157	590	14316	580	15103	680	15433	661	14797	771	14054	5591	8130	4987	8678
Finnmark	0	6085	0	6976	0	7311	0	8237	0	8747	0	9213	0	9200			0	8494
Svalbard																		
Sum	**47190**	**313798**	**48620**	**333457**	**69810**	**315965**	**72310**	**323817**	**78893**	**325469**	**73579**	**296282**	**75923**	**268595**	**98802**	**198968**	**92141**	**202962**

Kjelder

Skolevæsenets tilstand 1910, 1915, 1920, 1925

Statistisk Årbok 1933-1949

Publisert første gongen i Nynorsk faktabok 1998

Sist oppdatert 22.5.2005

Tabell 7
Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1952-1987

Fylke	1952		1957		1962		1967		1972		1977		1982		1987	
	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Østfold	1	18936	0	24403	0	22502	0	21914	0	21497	0	32618	0	32486	3	29013
Akershus	0	18812	0	26092	0	27822	0	32012	0	35007	1	56718	2	55562	1	49743
Oslo	0	32641	0	42903	0	37636	0	37007	3	33094	0	43073	0	39097	0	34758
Hedmark	719	18918	553	22576	101	20300	41	18112	53	16855	72	25721	70	25367	58	21517
Oppland	7641	10915	7989	13390	6323	13042	5101	13099	4544	12905	6624	19016	6540	18781	5295	16237
Buskerud	1493	13611	1572	17809	1351	16865	1010	18039	888	17399	1457	27877	1500	28421	1264	20052
Vestfold	1	15275	0	19971	0	19634	0	17763	0	16702	0	26786	0	26232	1	23801
Telemark	4224	9494	4778	12983	4250	12690	3860	11502	4587	17122	4455	18255	4529	18021	3868	16184
Aust-Agder	2012	5999	2297	7315	2039	6933	1546	6605	1225	6654	1174	11473	1247	12505	1240	11945
Vest-Agder	2917	7641	2010	11001	1742	11651	1424	11208	1121	12235	1192	19931	1153	19567	961	18188
Rogaland	11318	13572	13232	16524	11234	20079	9336	19999	8913	20187	13527	32819	14224	33006	13864	30616
Hordaland	18503	15515	22650	20492	21930	19419	19897	21050	18137	20755	27775	31911	27978	30806	25516	26542
Sogn og Fjordane	**10457**	**450**	**12402**	**507**	**12182**	**586**	**11247**	**589**	**10318**	**596**	**14962**	**939**	**14663**	**840**	**13062**	**640**
Møre og Romsdal	17385	5679	19669	8858	18371	9941	17140	10455	14841	10210	21017	15793	20900	14953	18415	12875
Sør-Trøndelag	6185	16223	4865	21115	3668	21313	2145	21367	1383	21420	1451	34677	844	34400	278	29687
Nord-Trøndelag	7679	6204	7366	8827	5491	9912	3705	10534	2633	10555	2684	17750	1798	17953	1074	15714
Nordland	5883	24020	3160	31462	1298	31253	684	28513	203	26434	192	39263	190	36801	196	30235
Troms	3804	12073	1996	16290	530	17168	0	16201	0	15145	16	24140	61	23225	96	18446
Finnmark	0	9455	0	11212	0	10898	0	9072	0	8868	1	13968	1	13035	1	9459
Svalbard															0	97
Sum	**100222**	**255433**	**104539**	**333730**	**90510**	**329644**	**77136**	**325041**	**68849**	**323640**	**96600**	**492728**	**95700**	**481058**	**85193**	**415749**

Kjelder

Skolevæsenets tilstand 1910, 1915, 1920, 1925

Statistisk Årbok 1933-1997

Publiosert første gongen i Nynorsk fasktabok 1998

Sist oppdatert 9.8.2004

Tabell 8
Elevar i grunnskulen etter målform og fylke 1993-2012

	1993		1998		2003		2008		2012	
	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM
Østfold	0	24423	0	29950	1	33748	0	34733	2	34519
Akershus	0	45809	1	62761	0	71191	0	74179	6	75549
